

Åpning av det 136. Storting

President: Jo Benkow

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg onsdag den 2. oktober kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 136. Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Den store arbeidsløsheten og de raske endringer i Norges internasjonale nærmiljø er de største utfordringer landet står overfor. Det stiller krav om et omfattende og målbevisst samarbeid mellom politiske myndigheter og arbeids- og næringsliv for å gjenreise full sysselsetting og bevare og fornye velferdssamfunnet. Det er helt nødvendig med oppslutning om en politikk som kan sikre disse mål.

Regjeringen ser det som en hovedoppgave å sikre norske bedrifter like gode arbeidsvilkår som bedriftene i andre europeiske land ved innføringen av EFs indre marked fra 1. januar 1993. Derfor vil Regjeringen arbeide for at forhandlingene mellom EF og EFTA fører frem til en omfattende avtale om et Europeisk Økonomisk Samarbeidsområde og forutsetter at avtalen får det nødvendige flertall i Stortinget.

Som ledd i det løpende arbeidet for å ivareta viktige nasjonale interesser vil Regjeringen i tillegg til arbeidet med EØS-avtalen utrede virkningene for Norge av eventuelle nye EF-medlemskap for nordiske land og av å stå utenfor et forpliktende institusjonalisert europeisk samarbeid med utgangspunkt i det indre marked.

Nye utfordringer må møtes med nytenkning, politisk handlekraft og styring, nasjonalt og internasjonalt.

Regjeringens mål er å utvikle tradisjonene Norge har for sosial trygghet, likhet i levekår, et variert bosettingsmønster og arbeid for alle. Naturmiljøet må forvaltes ut fra prinsippene for en bærekraftig utvikling. Vi må bygge på de viktigste elementene i den norske kulturarven. Solidaritet og respekt for enkeltmenneskets mulighet for livsutfoldelse er utgangspunktet for Regjeringens økonomiske og kulturelle mål.

Selv om Norge har lav prisstigning og god utenriksøkonomi, preges norsk økonomi fortsatt av de alvorlige ubalansene som utviklet seg på 1980-tallet. Det er alvorlige kostnads- og strukturproblemer i næringslivet.

Regjeringen satser på å redusere antall arbeidsledige

- ved å stimulere utviklingen av industri- og annen næringsvirksomhet i alle deler av landet,
- ved å bruke offentlig virksomhet til å løse viktige oppgaver og gi arbeid til flere,
- ved å øke kompetansen til ungdom og andre som søker arbeid gjennom omfattende utdannings- og opplæringstiltak.

For å ivareta Norges interesser i internasjonal handel med varer og tjenester vil Regjeringen aktivt bidra til at Uruguay-rundens forhandlinger i GATT kan sluttføres.

Det nye europeiske samarbeidet er en viktig del av et verdensbilde med nye muligheter til å fremme avspenning og sikkerhet, demokrati og menneskerettigheter, miljø og utvikling. De demokratiske krefters fremgang gir grunnlag for å utvikle et nært samarbeid og større interessefellesskap på tvers av de gamle skillelinjene i Europa.

Arbeidet innenfor rammen av Konferansen om sikkerhet og samarbeid i Europa vil bli høyt prioritert. Det vil bli lagt frem et handlingsprogram for Norges bidrag til reformprosessen i Sentral- og Øst-Europa. Det vil bli lagt vekt på miljø, energi og utvikling av demokratiet. Vi har alle ansvar for å bidra til en fredelig utvikling i en tid med store forandringer.

På grunnlag av Norges deltakelse i NATO og de konsultasjonsordninger Norge har med Det europeiske politiske samarbeid og med Den vesteuropeiske union, og i lys av endringene i Europa og i Sovjetunionen, vil Regjeringen fortsette arbeidet for internasjonal nedrustning under betryggende kontroll. Samtidig vil den opprettholde et troverdig forsvar i Norge, i lys av de nye forutsetninger.

Regjeringen vil legge vekt på et godt forhold til Sovjetunionen og utvide det tosidige samarbeidet samt forbindelsene med republikkene. Det vil i nær fremtid bli opprettet ambassader i de tre baltiske stater.

For å bidra til global avspenning og stabilitet vil Regjeringen arbeide for bedre kontroll med internasjonal våpenhandel gjennom samarbeid med andre land. Det vil bli lagt frem en melding om arbeidet med nedrusting. Regjeringen vil arbeide for å styrke FN's fredsskapende og fredsbevarende rolle. Regjeringen vil støtte reformarbeidet i FN og arbeidet for å tilpasse verdensorganisasjonen til det neste århundrets utfordringer. Arbeidet med internasjonale miljø-, energi- og utviklingsspørsmål vil fortsatt stå sentralt i Regjeringens politikk. Arbeidet for en bærekraftig utvikling vil fortsette bl.a. gjennom forberedelsene til FN's konferanse om miljø og utvikling i Brasil neste år.

Det vil bli lagt frem melding om utviklings- trekk i nord/sør-forholdet og norsk samarbeid

med utviklingslandene. Utviklingshjelp og humanitær bistand vil bli opprettholdt på et høyt nivå.

Det nordiske samarbeidet vil bli ført videre i lys av den raske utviklingen i Europa og nordiske lands tilpasning til denne.

Regjeringen legger vekt på å styrke, videreutvikle og fornye et velferdssamfunn der menneskene tar vare på hverandre gjennom fellesskapsløsninger. Samtidig må misbruk av ordninger bekjempes. Solidaritetstanken må styrkes slik at vi får en bedre forståelse for sammenhengen mellom det hver enkelt yter til fellesskapet, og det den enkelte får igjen.

Grunnlaget for økt sysselsetting må legges med en aktiv næringspolitikk og en økonomisk politikk som gir lav pris- og kostnadsvekst, bl.a. gjennom samarbeid om moderate inntektsoppgjør.

Regjeringen vil videreføre arbeidet med å styrke sysselsettingen gjennom statsbudsjettet. Overføringsordningene skal gjennomgås kritisk med sikte på innsparinger som kan finansiere utbyggingen av vei og jernbane og styrke den offentlige tjenesteytingen. Budsjettet vil bli brukt til å jevne ut svingninger i den økonomiske aktiviteten. Statlige bevilgninger til bygg og vedlikehold skal brukes aktivt. Regjeringen legger opp til et høyere nivå for kommunenes inntekter, og til bedre vilkår for byene. Televerket, Postverket og NSB vil bli modernisert og videreført som forvaltningsbedrifter. Kommunikasjonene vil bli bygd ut og bedre samordnet for å redusere næringslivets kostnader.

Det vil bli satt ned et eget utvalg for å gjennomgå årsakene til den høye arbeidsledigheten og for å foreslå retningslinjer og tiltak for å få ledigheten ned.

Gjennom arbeidsmarkedspolitikken vil Regjeringen bidra til at arbeidsmarkedet fungerer bedre. Det vil bli satset på formidling og på å heve kompetansen hos de som søker arbeid. Langtidsledige og ungdom under 20 år skal sikres tilbud om arbeid eller tiltak. Økt oppmerksomhet må vies arbeidssøkere mellom 20 og 25 år.

Regjeringen vil arbeide for å opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret gjennom en aktiv distriktspolitikk.

Regjeringen vil samordne og styrke de statlige virkemidlene i nærings- og distriktspolitikken. Regjeringen vil bidra til økt forsknings- og utviklingsinnsats i næringslivet og støtte opp om lokale samarbeidsprosjekter mellom mindre bedrifter og mellom organisasjonene i arbeidslivet.

Fiskeressursene vil bli forvaltet med sikte på å bevare og utvikle fiskebestandene slik at de kan gi et langsiktig utbytte. Som et ledd i arbeidet med å gjøre fiskerinæringen selv bærende og

lønnsom vil Regjeringen legge frem en melding om regulering av vilkårene for fiskeflåten. Havbruk og havbeite vil bli utviklet videre, og Regjeringen vil arbeide for å sikre rammevilkår for fiskeindustrien som er like gode som i konkurrentlandene.

Regjeringen legger vekt på at landbruket skal være et viktig fundament for bosetting og sysselsetting i distriktene. Det vil bli lagt frem en melding om landbrukspolitikken.

Utnyttingen av olje- og gassreservene er en viktig bærebjelke i norsk økonomi. De nye muligheter i Europa for norsk gassseksport og for å utvikle vårt petroleumstilknyttede næringsliv må utnyttes. Regjeringen vil legge frem en proposisjon om gassanvendelsen fra Heidrun-feltet og om utbyggingen av flere mindre olje- og gassfelt.

Miljøvern blir et prioritert felt for Regjeringen også i 1992. Gjennom en helhetlig politikk basert på effektive virkemidler vil Regjeringen styrke kampen mot forurensninger og arbeidet for naturvern og friluftsliv. Regjeringen vil følge opp Norges internasjonale forpliktelser og de nasjonale målene som er satt for utslipp av forurensende gasser og miljøgifter. Den vil gjøre bruk av miljøavgifter som fremmer miljøhensyn nasjonalt, og som møter våre internasjonale forpliktelser. I internasjonale fora vil Regjeringen fortsette arbeidet for å få til kostnadseffektive avtaler.

Den nasjonale innsatsen for å gjenvinne avfall vil bli betydelig styrket bl.a. gjennom innsamling av glass, papir, plast og organisk avfall. Forslag til nye juridiske og økonomiske virkemidler vil bli fremmet for Stortinget.

Regjeringen vil legge frem en revidert utgave av Samlet plan for vassdrag. Samtidig skal det legges frem et forslag til ny plan for varig vern mot vassdragsutbygging.

Regjeringen tar sikte på å gjennomføre en verneplan for barskog i Midt-Norge. Dette er den første av fire landsdelsvise verneplaner for barskog.

Regjeringen vil legge frem en melding om medisinsk og yrkesmessig attføring, uførepensjon og sykepenges. Attføringsarbeidet må organiseres bedre, bl.a. for å redusere uførepensjoneringsen.

Det vil bli fremmet en proposisjon om utbygging av nytt rikshospital.

Regjeringen vil legge frem en melding om bioteknologi i tilknytning til mennesket og etiske problemer som knytter seg til den.

Regjeringen vil fremme en melding om bekjempelse av kriminalitet. Det vil bli lagt vekt på forebyggende tiltak, særlig blant barn og unge. Det vil også bli lagt vekt på raske og effektive reaksjoner mot kriminalitet, bl.a. for at folk skal føle trygghet i hverdagen.

Barns og småbarnsforeldres situasjon vil bli

bedret. Fødselspermisjonen skal forlenges med fire uker fra 1. april 1992. Det legges opp til 17 500 nye barnehageplasser i 1992. Regjeringen vil fremme en melding om det pedagogiske tilbudet for 6-åringene og om utbyggingen av skolefritidsordningene. Situasjonen for vanskeligstilte barn og unge skal bedres gjennom utviklingsprogram for barnevernet, ny barnevernslov og tiltak for barn og unge i de større byene. En ny meglingsordning vil legge vekt på barnas beste hvis foreldrene skilles. Som et ledd i dette skal familievernkantorene styrkes og utbygges.

Regjeringen vil legge frem en melding om 1990-årenes likestillingspolitikk.

Alle som går ut av grunnskolen, skal etter hvert få et fullstendig utdanningstilbud som gir kompetanse for videre utdanning eller arbeid. For ungdom som faller utenfor de nåværende utdanningstilbudene, startes forsøk med egen oppfølging og tilpassede opplegg.

Behovet for livslang læring gjør det nødvendig å satse både på voksenopplæring i skoleverket, på opplysningsorganisasjonene og på opplæring i arbeidslivet. Voksne trenger gode, generelle basiskunnskaper og oppdatert, relevant yrkeskompetanse. Voksenopplæringen engasjerer for deltakelse i folkestyret og i levende lokalt kulturliv.

Regjeringen vil styrke universitetene og høgskolene. Særlig vekt vil bli lagt på tilbud i regionene og på hovedfags- og doktorgradsutdanning. Stortingsmeldingen om høyere utdanning blir fulgt opp ved etableringen av «Norgesnettet» og en bedre samordning av tilbudene i høyere utdanning. I samsvar med Regjeringens mål vil det bli lagt vekt på å styrke grunnforskning, rekruttering og næringsrettet forskning.

Statskirken vil bli opprettholdt som en folkekirke med funksjonsdyktige kirkelige organer.

Gjennom en målrettet kulturpolitikk vil Regjeringen styrke norsk kunst og kulturliv, slik at det blir godt rustet til å møte de utfordringer vi stilles overfor i det internasjonale mediesamfunnet. Det vil bli lagt vekt på styrket formidling, økt kvalitet og bedre samordning.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 136. Storting for åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Grete Faremo:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for fred, tryggleik og avspenning.

At jernteppet fall, førte til at det politiske

landskapet i Europa vart grunnleggjande endra. På baa sider av det gamle skiljet forstår ein no meir og meir at vilkåra for samarbeid er betre og behovet større enn før, og at tryggleik berre kan vinnast i fellesskap. I desse dagane blir det forma ein ny europeisk orden. NATO, som har ei hovudrolle i arbeidet med å skape ein ny og stabil tryggingstruktur, er no inne i ein viktig omstillingsfase. Samtidig har Warszawa-pakta slutta å eksistere. Endringane fører til at norsk tryggleik blir styrkt monaleg.

Men den nye europeiske ordenen er ikkje ferdigbygd. Ei påminning om at det kan komme tilbakeslag, fekk vi då president Gorbatsjov vart avsett av den såkalla statskomitéen. Kuppet slo heldigvis feil, og dei reaksjonære kreftene i Sovjetunionen står etter dette mykje svakare. Det er no von om at demokratiet kan bli grunnfesta. Det vil i tilfelle også ha gunstige verknader for utviklinga i Sentral-Europa, og styrkje grunnlaget for eit stabilt Europa.

Arbeidet innanfor dei politiske og økonomiske samarbeidsorgana som Atlanterhavspakta, Europarådet, OECD, EFTA og Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa (KSSE), har også i året som gjekk, stadig vorte viktigare i lys av den utviklinga som har funne stad i Sovjetunionen og Aust-Europa, i aust-vest-forholdet og i integrasjonsprosessen i Vest-Europa. Den vesteuropeiske unionen har også fått aukande vekt.

Noreg har etter omveltingane i Sovjetunionen oppretta diplomatisk samband med dei tre baltiske landa Estland, Latvia og Litauen.

Regjeringa har ført vidare og styrkt samarbeidet med Det europeiske fellesskapet. EF/EFTA-samarbeidet har stått sentralt for Noreg i den europeiske integrasjonsprosessen.

Tingingane mellom EF og EFTA om å skipe eit europeisk økonomisk samarbeidsområde, EØS, har vore den viktigaste handels- og utanrikspolitiske oppgåva Noreg har stått overfor på lenge. Ei hovudmålsetjing med tingingane har vore å gje norsk næringsliv same konkurransevilkåra som næringslivet i EF har, innanfor ein marknad som omfattar både EF- og EFTA-landa.

Regjeringa har gjennom tingingane om ei EØS-avtale mellom EFTA-landa og EF vore ein pådrivar for å tryggje sentrale interesser for norsk nærings- og arbeidsliv og å tryggje viktige samfunnsinteresser på andre område som miljø, forskning og utdanning. Regjeringa har her følgd dei tilrådingane som tidlegare er gjevne av eit stort fleirtal i Stortinget.

Formelle forhandlingar om ei EØS-avtale vart innleidde 10. juni 1990. Avtala er no på det næraste ferdig forhandla.

I Europarådet har Noreg lagt vekt på å utvikle organisasjonen som eit alleuropeisk samar-

beidsorgan, særleg når det gjeld å opne organisasjonen for dei nye demokratia i Sentral- og Aust-Europa. Vidare har Noreg engasjert seg i arbeidet med å definere kva rolle Europarådet skal ha i KSSE-samanheng.

Noreg har lagt stor vekt på å ha så nær kontakt som mogleg med EF-landa og EF-institusjonane og med det utanrikspolitiske samarbeidet, EPS. Arbeidet innanfor EF med sikte på å utvikle ein politisk union, strekar under behovet for å styrkje denne kontakten. Det tosidge samarbeidet med våre allierte, både i Europa og Nord-Amerika, har vore nært og godt.

Utanriksministrane i NATO drog på møtet sitt i mai 1990 opp prinsippa for korleis alliansen skal tilpasse seg endringane i Europa. Toppmøtet mellom stats- og regjeringssjefane i London i juli 1990 førte prosessen eit viktig steg vidare ved at ein der definerte kva rolle NATO skal ha i det nye Europa, og at ein drog opp retningslinjer for korleis den integrerte styrkestrukturen og strategien i alliansen skal endrast. Det aktive tilpassingsarbeidet, som for alvor kom i gang hausten 1990, gjaldt for det første å avklare spørsmålet om kva rolle og funksjon alliansen skal ha i framtida, for det andre å utforme ein ny strategi, for det tredje å utarbeide ein ny styrkestruktur og for det fjerde å justere den militære kommandostrukturen. Framdrifta har vore god på alle dei fire felt. På utanriksministermøtet i juni i år vart det vedteke eit dokument som definerer og gjer greie for kjernefunksjonane til NATO i det nye Europa.

På utanriksministermøtet i NATO i juni i år vart det gjort fleire viktige vedtak. Det vart streka under kor viktig det er å ta vare på og styrkje dei transatlantiske kontaktane. Dei grunnleggjande prinsippa i alliansen om strategisk einenskap og udeleleg tryggleik vart slegne fast. På møtet vart det samtidig vedteke ei eiga fråsegn om forholdet til dei sentral- og aust-europeiske landa som stadfester og styrkjer den samarbeidsinvitten som kom til uttrykk i fråsegna frå toppmøtet i London i fjor.

Regjeringa har halde fram med å engasjere seg aktivt i forhold til demokratiseringsprosessen i dei aust-europeiske landa, ikkje minst når det gjeld utviklinga mot demokrati og overgangen til marknadsøkonomi.

Samarbeidet med Sovjetunionen har utvikla seg positivt, noko som ikkje minst kom til uttrykk gjennom den norsk-sovjetiske fellesfråsegna som vart underskriven då president Gorbatsjov vitja Noreg i juni i år. Regjeringa har ført vidare arbeidet med å nå fram til semje om ei klar avgrensing mellom dei økonomiske sonene og kontinentalsoklane i Barentshavet.

Situasjonen i Jugoslavia har kasta skugge over utviklinga i Aust-Europa. Regjeringa har aktivt stødd det internasjonale arbeidet som

har vore gjort gjennom KSSE og EF for å komme fram til ei fredeleg løysing.

Regjeringa har lagt vekt på å bruke KSSE-prosessen aktivt for å tryggje utviklinga mot stabile, demokratiske rettsstatar i heile Europa og for å avverje og løyse moglege konflikhtar i vår del av verda.

KSSE, som no femner om alle godkjende europeiske statar i tillegg til USA og Canada, har styrkt si stilling som samarbeidsforum for heile Europa. I november i fjor vart det halde eit KSSE-toppmøte i Paris som munna ut i ei viktig fråsegn, Paris-chartert. For første gong vart det også oppretta permanente KSSE-institusjonar. Den viktigaste er truleg senteret for konfliktavverjing i Wien (CPC).

Det er svært gledeleg at USA og Sovjetunionen no har inngått den såkalla START-avtala om omfattande styrkereduksjonar i dei strategiske kjernevåpenstyrkane. Reduksjonane vil omfatte dei mest trugande og destabiliserande våpensystema innanfor kjernevåpenarsenalet.

Etter forhandlingar i vel halvtanna år mellom NATO og Warszawapakta kom ein i samband med KSSE-toppmøtet i Paris fram til ei semje om konvensjonell nedrusting i Europa, CFE-avtala.

Ved sida av den tyske samlinga er CFE-avtala det mest synlege uttrykket for at delinga av Europa no er over og at den eigentlege etterkrigstida er forbi. CFE-avtala kodifiserer viktige trekk ved den nye europeiske ordenen og gjer at militære maktmiddel får mindre å seie i europeisk politikk.

Dei store omveltingane i det kontinentale Europa i kjølvatnet av aust-vest-avspenninga har klart vore med på å auke tryggleiken også i vårt land. Samtidig gjev utviklinga i dei tryggingpolitiske nærømråda våre, med den store sovjetiske militære kapasiteten og uvissa med omsyn til den vidare utviklinga internt i Sovjetunionen, framleis grunn til ei nøktern holdning når ein skal vurdere forsvarsutgiftene. Det har derfor framleis vore nødvendig å halde oppe eit truverdige norsk forsvar. Medlemskapen vår i NATO og dei allierte garantiane om hjelp er også i dag heilt avgjerande for tryggleiken vår.

Regjeringa har også i denne perioden lagt vekt på aktiv norsk deltaking i arbeidet for rustingskontroll og nedrusting i FN og ved Nedrustingskonferansen i Genève. Det er kvart år lagt fram nye norske forskingsresultat i samband med forhandlingane om eit totalforbod mot kjemiske våpen og når det gjeld overvaking av ei omfattande kjernefysisk prøvestansavtale. Noreg tok aktivt del i Den tredje tilsynskonferansen for Konvensjonen om biologiske våpen, som vart halden i september.

Arbeidet med å styrkje det internasjonale vernet om menneskerettane er ført vidare. Re-

formprosessen i Aust- og Sentral-Europa har opna nye utsikter for samarbeid innanfor den menneskelege dimensjonen av KSSE. Samtidig har dei konfliktane som er komne til overflata i sentral- og austeuropeiske land stilt KSSE overfor nye utfordringar, ikkje minst når det gjeld minoritetsproblematikken. Regjeringa har aktivt teke del i forsøka i KSSE-samarbeidet på å løyse desse problema.

Noreg har engasjert seg aktivt i førebuingane til FN's Verdskonferanse om menneskerettar, som skal haldast i 1993.

I eit år sterkt prega av katastrofar og behov for humanitær hjelp, har Regjeringa ytt omfattande hjelp til nødlidande og flyktningar.

Regjeringa har teke initiativ til å styrkje beredskapen og innsatsen vår i katastrofesituasjonar. Eit nytt beredskapssystem er under utarbeiding.

Regjeringa har også saman med dei andre nordiske landa engasjert seg i arbeidet for å gjere FN raskare og meir effektivt til å møte katastrofesituasjonar. Noreg koordinerer og leier arbeidet i dei nordiske landa på dette området. Konkrete framlegg, m.a. om å opprette ein eigen nødhjelpsadministrator på høgt nivå i FN, vart sette fram under sesjonen til FN's økonomiske og sosiale råd (ECOSOC) i sommar.

Regjeringa har også lagt vekt på å styrkje og bygge ut dei tosidige kontaktane mellom Noreg og dei europeiske samarbeidspartnarane våre.

IOECD er det etablert eit formalisert samarbeid med Polen, Ungarn og Tsjekkoslovakia som gjer det mogleg for desse landa å ta del i fleire av komiteane og arbeidsgruppene i OECD.

Noreg har teke aktivt del i forhandlingane i OECD om ei internasjonal avtale om å ta bort stønaden til skipsbyggingsindustrien.

Noregs deltaking i dei fredsvernande operasjonane til FN har auka det siste året. Vi har stilt militært personell til rådvelde for FN til dei fredsvernande styrkane i Sør-Libanon og til observatørkorpsa i Midtausten, Kashmir og Angola. Noreg har teke del i observatørkorpsset i Iran/Irak, som no er avvikla. Etter at Irak gjekk til åtak på Kuwait vedtok Tryggingsrådet i FN å setje i verk embargo mot Irak. Som eit ledd i å handheve embargoen sende Noreg kystvaktskipet «Andenes» til Persiabukta. Noreg sende også eit sanitetskompani til Saudi-Arabia til hjelp for den fleirnasjonale styrken under krigen i Persiabukta. Etter krigen er det oppretta ein ny FN-styrke som skal overvake våpenkvila mellom Irak og Kuwait. Her stiller Noreg med ei sanitetseining og observatørar. Noreg har også ytt personell og materiell til FN's spesialkommisjon som overvaker Iraks arsenal av alle typar våpen. Noreg hjelpte dessutan til med oljevernustyr og mannskap i samband med oljeutsleppa under krigen.

Regjeringa har følgd aktivt med i utviklinga i Sør-Afrika og prosessen for å avskaffe apartheid på fredeleg vis. I samband med det har styresmaktene lempa på visumrestriksjonane for sørafrikanske borgarar, og vedteke å oppgradere den norske representasjonen i Sør-Afrika til ambassade.

På den andre FN-konferansen om dei minst utvikla landa (MUL) i september 1990 vart det vedteke eit handlingsprogram med tiltak innanfor områda ressursoverføringar, gjeld, handel og råvarer.

Det betra internasjonale samarbeidsklimaet har gjort det mogleg å få arbeidet med ei reform av den økonomiske og sosiale sektoren i FN ut av dødvatnet. På den oppattekte sesjonen av generalforsamlinga i FN i april 1991 kom ein såleis til semje om tiltak for å revitalisere ECO-SOC.

FN's handlingsprogram for økonomisk gjenreising og utvikling i Afrika (UNPAAERD 1986–90) vart sluttevaluert i september, under formannskapet til FN-ambassadør Martin Huslid. Sluttgjennomgangen munna ut i konkrete tilrådingar om fleire støttetiltak og ein oppfølgingsmekanisme i FN-regi.

Arbeidet med å leggje tilhøva til rette for auka import frå utviklingslanda er ført vidare. Førebuingane til den 8. FN-konferansen om handel og utvikling i februar 1992 er sette i gang.

Noreg har teke del i samarbeidet i Det internasjonale energibyrådet, IEA, og har vore ein pådrivar for at organisasjonen no legg auka vekt på miljøsidene ved energipolitikken og på kontaktar mellom oljeproduserande og oljeforbrukande land. Noreg slutta seg på grunnlag av IEA-avtala til den beredskapsplanen som IEA vedtok under krisa i Persiabukta.

Noreg har ført vidare dei tosidige kontaktane med OPEC-landa og har møtt som observatør på uformelle møte mellom uavhengige petroleumseksporterande land.

Noreg har teke til orde for eit globalt energipolitisk samspel basert på auka kontaktar og større gjensidig forståing mellom oljeeksporterande og oljeimporterende land med sikte på større stabilitet i oljemarknaden. Som ledd i dette arbeidet har Regjeringa sagt seg villig til å vere vertskap for eit møte på ministernivå.

Noreg har delteke i forhandlingane med sikte på å inngå eit europeisk energicharter for å leggje tilhøva til rette for eit breiare energisamarbeid mellom aust og vest i Europa.

Ei miljøvernnavtale mellom Noreg og Tsjekkoslovakia vart underskriven i februar i år. Ei tilsvarende avtale mellom Noreg og Ungarn vart underskriven i september i år.

Det har vore arbeid for å finne ei løysing på ureiningsproblema frå den sovjetiske nikkelproduksjonen nær grensa til Noreg.

Noreg slutta seg i november i fjor til sluttdokumentet i ei ny global oljevernavtale.

Noreg har også teke del i det nordiske energisamarbeidet.

Regjeringa har engasjert seg aktivt i førebuingane til FNkonferansen om miljø og utvikling i Brasil i 1992, og i arbeidet som er i gang for å få til internasjonale konvensjonar om klima og biologisk mangfald. Rapporten frå verdskommisjonen for miljø og utvikling og ministerfråsegna frå Bergens-konferansen er eit viktig grunnlag for desse forhandlingsprosessane.

På bakgrunn av rapporten frå det mellomstatlege klimapanelet i FN, IPCC, og konklusjonane frå Den andre verdskonferansen om klima i november 1990, vedtok Generalforsamlinga i FN hausten 1990 å setje i gang ein forhandlingsprosess som skal føre fram til ein ramme-konvensjon om klimaendringar med eigna plikter og tilhøyrande verkemiddel.

Medlemskapen vår i den europeiske romorganisasjonen ESA, og industrileveransane til dei mangesidige programma i organisasjonen gjev norsk teknologiutvikling gode levevilkår. Noreg tok del i utviklinga av den europeiske miljøsatellitten ERS-1 som vart skoten opp i juli, og har auka innsatsen i den neste generasjonen av bererakettar, Columbus, det europeiske bidraget til den internasjonale romstasjonen. Noreg har vidare spelt ei aktiv rolle i dei internasjonale satellittorganisasjonane for telesamband, INTELSAT og INMARSAT, den tilsvarande europeiske, EUELSAT og i den europeiske meteorologiske satellittorganisasjonen, EUMETSAT.

I dei europeiske forskingssamarbeidsprosjekta der Noreg har engasjert seg, EUREKA og COST, har målsetjinga vore å opne for deltaking frå dei austeuropeiske statane.

Noreg skreiv i 1990 under Europarådskonvensjonen om kvitvasking, etterforskning, beslag og inndraging av utbytte av kriminalitet, og har i 1991 formelt slutta seg til 40 konkrete tilrådingar frå kvitvaskingsgruppa, som er danna av gruppa av dei sju rikaste landa.

I juni i år skreiv representantar for Noreg og dei sju andre arktiske statane under ei ministerfråsegn om vern av miljøet i Arktis.

I Antarktis har Regjeringa gått inn for å halde fast ved dei norske suverenitetskrava og føre vidare det internasjonale samarbeidet under Antarktistraktaten. Tingingane om ein protokoll om vern av miljøet i Antarktis er sluttførte.

GATT-forhandlingane (Uruguay-runden) som tek sikte på å styrkje og utvide det multilaterale handelssystemet, vart ikkje avslutta som planlagt i desember 1990. Forhandlingane har etter dette vore førte vidare i form av tekniske konsultasjonar.

USA har lagt ein straffetoll på norsk laks

etter skuldingar om subsidiering og dumping på den amerikanske marknaden. Saka er svært alvorleg og har ført til at norsk laks er utestengt frå den amerikanske marknaden. Norske styresmakter har teke saka opp i GATT.

USA har skulda Noreg for brott på GATT-regelverket om offentlege innkjøp i samband med tildelinga av ein utviklingskontrakt til bompengeringen i Trondheim. Frå amerikansk side er saka teken opp i GATT.

Det er gjort framsteg i arbeidet med å skape ein nordisk transportmarknad på vegsektoren. Ei avtale om godstransport (tredjelands) er inngått og har teke til å gjelde. Det er vidare inngått avtale om godstransport mellom stader i Noreg med kjøretøy som er registrerte i andre nordiske land (cabotage).

På grunn av SAS-samarbeidet har Noreg og Sverige forhandla fram ei luftfartsavtale med EF.

Rådet for Noregs-informasjon har arbeidd vidare med å profilere norsk kultur, næringsliv og reiseliv i utlandet fram mot og etter dei olympiske vinterleikane i 1994. Ei rekkje nye prosjekt med sikte på å fremje denne profilen overfor utlandet er sette i verk.

Prosjekteringa av den norske paviljongen på verdsutstillinga i Sevilla i 1992 er no avslutta.

Utdelinga av Nobels fredspris til Mikhail Gorbatsjov og hendingane i den kongelige familien siste året førte mange utanlandske journalistar til Noreg. Hovudtema for dei presse-gjestingane som norske styresmakter skipa til, var Lillehammer-OL, utviklinga i nordområda, miljøvern og Noregs plass i det europeiske samarbeidet.

Noreg har det siste året hatt ei rekkje kulturpresentasjonar av større og mindre omfang i dei landa ein satsar særskilt på.

21. mai år vart ein traktat mellom Danmark og Noreg om løysing av det dansk-norske arkivspørsmålet underskriven.

Den offentlege innsatsen for å fremje eksporten av norske varer og tenester er ført vidare.

For å støtte opp om reformprosessen i Sovjetunionen og dei andre sentral- og austeuropeiske landa har Noreg aktivt teke del i det såkalla G 24-samarbeidet. Noreg har m.a. sett i verk ei hjelpepakke for Polen på 220 millionar kr og ei generell samarbeidspakke for Sentral- og Aust-Europa på 100 millionar kr. I tillegg vart det over statsbudsjettet for 1991 løyvt 40 millionar kr til å føre vidare generelle demokratibyggjande tiltak og 30 millionar kr til miljøverntiltak.

For å hindre tilbakeslag i reformprosessen er det innanfor G-24-samarbeidet også gjeve stønad for å stabilisere betalingsbalansen i sentral- og austeuropeiske land. Noreg vil ta del i denne finansieringshjelpa innanfor ei totalramme på 404 millionar kr, som skal fordelast

på Tsjekkoslovakia, Ungarn, Bulgaria og Romania.

Noreg er medlem av Den europeiske banken for gjenoppbygging og utvikling (EBRD), som har som formål å fremje overgangen til marknadsorientert økonomi i Sovjetunionen og andre sentral- og austeuropiske land. Noreg har teke aktivt del i arbeidet i banken.

Noreg har også teke aktivt del i liberaliserings- og regelverket i COCOM for eksportkontroll av strategiske varer, tenester og teknologi. Som ei følgje av dette er dei norske eksportkontrollprosedyrane gjorde enklare. Regjeringa har lagt vekt på arbeidet i Australia-gruppa, som består av dei fleste vestlege industriland, og tek sikte på å hindre spreiding av kjemiske og biologiske våpen. I januar slutta Noreg seg til Regimet for eksportkontroll av raketteknologi (MTCR).

Regjeringa har lagt fram ei melding om skipsfart og tryggleik til sjøs. Regjeringa arbeider aktivt med å styrkje tryggleiken og har fremja fleire framlegg i IMO.

Det høge nivået på norsk utviklingshjelp og humanitært hjelpearbeid er ført vidare. Dei totale utbetalingane i 1990 var på 7 576 millionar kr og utgjorde 1,17 prosent av bruttonasjonale inntekta (BNI) mot 1,05 prosent i 1989.

Utbetalingane i 1990 fordelte seg med 52,4 pst. til tosidig hjelp, 44,3 pst. til fleirsidig hjelp og 3,3 pst. til administrasjon.

Utbetalingane til multilaterale organisasjonar auka med vel 300 millionar kr frå 1989 til 1990. Som ei følgje av overføringane i den bilaterale hjelpa frå 1989 til 1990, vart likevel den multilaterale delen noko redusert. Dei største mottakarane i 1990 var FN-utviklingsprogrammet (UNDP) og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA).

I det tosidige hjelpesamarbeidet er det framleis lagt vekt på Afrika sør for Sahara. Stønad til regionale samarbeidsprosjekt i Afrika og Mellom-Amerika har hatt høg prioritet. Stønaden er i hovudsak gjeven til prosjekt som SADCC står for, og til regionale prosjekt som er finansierte under Mellom-Amerika-løyvinga. Under tørkebelteprogrammet (SSE-programmet) er det sidan 1986 utbetalt til saman 758,9 millionar kr til og med 1990.

Hjelpesamarbeidet med Kenya vart brote i 1990 etter at Kenya melde frå om at det diplomatiske sambandet med Noreg ville bli brote. Med dette tok hjelpesamarbeidet mellom dei to landa, som hadde vara i 25 år, slutt. Det vart likevel brukt 141 millionar kr under tilskotts-posten for Kenya i 1990.

I 1990–91 vart det gjennomført ei rekkje tiltak for å bøte på verknadene av krisa i Persiabukta. Midlane vart kanaliserte som humanitær nødhjelp til området gjennom norske og in-

ternasjonale private organisasjonar. Samarbeidslanda våre fekk høve til å omdisponere løyvingar for å bøte på følgjene av denne konflikten, og det vart gjeve tilleggs-løyvingar til dei ein-skilde landa som kompensasjon for auka oljeprisar. I 1990 vart det til saman tildelt 381 millionar kr til tiltak i samband med krisa i Persiabukta.

I 1990 vart det kanalisert vel 1,2 milliardar kr gjennom norske og internasjonale private organisasjonar, som er vel 16 pst. av dei totale utbetalingane til bistandsformål.

Oppfølginga overfor utviklingslanda når det gjeld tilrådingane frå Verdskommisjonen for miljø og utvikling er gjeven høg prioritet. Utbetalingane til miljøtiltak er haldne på om lag same høge nivå som i 1989, og arbeidet med å integrere miljøomsyn i alle programma og prosjekta er intensivert.

Det har vore lagt auka vekt på at mottakarlanda fører ein politikk som fremjer økonomisk vekst og gjev ei rimeleg fordeling, og at det skjer ei utvikling i retning av auka demokrati og respekt for menneskerettane.

Regjeringa har også lagt vekt på å støtte produktive og sysselsetjingsskapande tiltak i samarbeidslanda våre. Det er arbeidd med å trekkje norsk næringsliv meir aktivt med i denne satsinga. Det er m.a. oppnemnt eit kontaktforum for næringslivet.

I 1990 er m.a. delar av den multilaterale bistanden evaluert, og det er laga ein landstudie av hjelpesamarbeidet vårt med Mosambik og sektor- og prosjekt-evalueringar.

For å styrkje forskingskompetansen i utviklingslanda gjennom samarbeid med norske universitet er det inngått ei avtale innanfor ei ramme på 175 millionar kr.

Forsvarsbudsjettet for 1991 er lagt opp med nullvekst i den ordinære forsvarsramma i høve til den endelege løyvinga for 1990. Dette har ført til ei hard prioritering mellom dei sektorane som blir finansierte over statsbudsjettet, og Forsvaret har ikkje vore noko unntak i denne prioriteringa.

Leveransane av Robot 70 avdelingsluftvern til Hæren har gått etter planen. I samarbeid med Nederland og Danmark er feltartilleriet modernisert. Fornyninga av kjøretøyparken i Hæren og utviklinga av det taktiske digitale kommunikasjonssystemet i Hæren er ført vidare.

Fire av i alt seks undervassbåtar av ULAK-klassa er mottekne. Bygginga av ni mineryddingsfartøy er sett i gang.

Programmet for modernisering av ni Sea King-helikopter til Redningstenesta og kjøp av nytt helikopter er ført vidare. Det er også sett i verk oppattbygging av helikopter som havarte i mai. Eit oppdateringsprogram for F-16-

og F-5-flya er sett i gang. Kontrakt om utvikling av nytt raketluftvernssystem, (NASAMS), er inngått. Leveransane av P-3C maritime overvakingsfly, og raketluftvernssystemet Norwegian Adapted Hawk, NOAH, er avslutta. Kjøp av Robot 70 raketluftvern til Luftforsvaret har halde fram.

Arbeidet med å effektivisere verkstads- og vedlikehaldstenesta i Forsvaret held fram. Det er utført sikringsarbeid på lagra som Forsvaret har av våpen, ammunisjon, sprengstoff m.m.

I tillegg til engasjementet innanfor NATO er det internasjonale forsvarsmateriellsamarbeidet vårt ført vidare i Independent European Programme Group, IEPG.

Lagerutbygginga for tungt utstyr for ein norsk brigade i Nord-Noreg er fullført. I samband med utbygginga er det gjort plass til eit feltsjukehus med 500 senger.

Dekningshangarprogrammet for allierte jagerflyforsterkingar har halde fram. Ein del av dekningshangarane er alt fullførte.

Endring av styringsfunksjonen og rolla til Forsvarsdepartementet og eit nytt styringssystem er i ferd med å bli innført. I samband med dette er det vedteke at materiellforvaltningane blir overførte frå Forsvarsdepartementet til Forsvarssjefen.

Det går føre seg eit arbeid med å endre organisasjonsstrukturen og verksemda i Forsvaret og ei rekkje organisasjonsendringar er sette i verk eller er i ferd med å bli gjennomførte.

Folkemengda pr. 1. juli 1991 var 4 262 442 etter førebels tal. Tilveksten i første halvår var 12 612. Nettoinnflyttinga i første halvår var 3 871 mot 215 i første halvår i 1990. Folketalet i Noreg auka i 1990 med 16 701, som er 3 901 meir enn året før. Medan det i 1989 var ei nettoutflytting på 1 470, snudde dette til ei nettoinnflytting frå utlandet på 1 761. Talet på fødte auka med 1 532 til 60 939. Dette førte til ein auke i samla fertilitet frå 1,89 i 1989 til 1,93 i 1990.

Ved utgangen av 1990 var 14,4 pst. av folkemengda 67 år eller eldre, og 20,3 pst. var under 16 år. På same tid var det registrert 143 304 med utanlandsk statsborgarskap, ein auke på 2 292 frå eitt år før. Talet på borgarar av europeiske nasjonalitetar gjekk ned med 394 til 72 858.

Frå 1989 til 1990 var nedgangen i talet på sysselsette om lag 19 000 personar, eller 0,9 pst.. Denne utviklinga heldt fram inn i første halvåret av 1991. I høve til første halvåret av 1990 var nivået i første halvår i år 31 000 personar, eller 1,5 pst. lågare.

Frå 1989 til 1990 var det auke i sysselsetjinga berre i næringa «Offentleg, sosial og privat tenesteyting», i hovudsaka innan undervisning og forsking og helse- og sosialtenester. Frå første halvår av 1990 til første halvår av 1991 auka

talet på sysselsette i denne næringa med 20 000 personar (2,7 pst.).

Tilgangen på registrerte ledige plassar auka i 1990 i høve til året før. Den positive utviklinga har halde fram i første halvåret av 1991. Auken fordeler seg på dei fleste yrkeskategoriane, med unntak av kontorarbeid der tilgangen på ledige plassar gjekk endå litt ned.

Den registrerte arbeidsløysa auka med om lag 9 800 personar frå 1989 til 1990. I pst. av arbeidsstyrken er dette ein oppgang på 0,5 prosentpoeng til 4,3 pst. i 1990.

I første halvår av 1991 var det registrert i underkant av 97 000 ledige ved arbeidskontora. Det er ein auke frå første halvår av 1990 på om lag 3 000 registrerte ledige eller vel 3 pst. Auken sommaren 1991 må ein sjå i samband med nedtrappinga av arbeidsmarknadstiltaka i samband med sommarferien.

Aldersfordelinga blant dei registrerte ledige har endra seg lite. I første halvår av 1991 utgjorde ungdom under 20 år i gjennomsnitt 5,6 pst. Det er lågare enn i første halvår av 1990, då ungdom under 20 år i gjennomsnitt utgjorde 6,7 pst. Dette må ein sjå i samband med at det er skipa ekstra skoleklasser, og eit stort omfang av arbeidsmarknadstiltak for ungdom.

Delen av langtidsledige auka frå 27,4 til 31,6 pst. i gjennomsnitt frå 1989 til 1990. I første halvår av 1991 var 29 508 personar langtidsledige. Det er ein auke på 2,4 pst. frå første halvår 1990, som er noko mindre enn auken i den samla arbeidsløysa. Langtidsledige er saman med ungdom prioriterte ved tildeling av tiltak.

Arbeidsmarknadstiltaka samla var 55 300 i gjennomsnitt pr. månad i 1990. Arbeidsmarknadstiltaka for ordinær arbeidskraft har auka med 17,4 pst. frå 1989 til 44 400 tiltaksplassar i 1990, medan tiltaka for yrkeshemma var om lag 11 000 begge åra.

Arbeidsmarknadstiltaka var i gjennomsnitt 63 500 i første halvår av 1991. Det er om lag 10 pst. fleire enn i første halvår av 1990. Gjennomsnittleg tiltaksnivå for ordinær arbeidskraft var på 51 900 tiltaksplassar første halvår av 1991. Tiltaksplassane for attføring utgjorde 11 600 plassar.

I Revidert nasjonalbudsjett i vår gjorde Regjeringa framlegg om nye tiltak for å styrkje sysselsetjinga på bakgrunn av situasjonen i arbeidsmarknaden.

I oljeutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei seks første månadene av 1991 7,2 pst. høgare enn i same perioden i 1990. Oljeutvinning og bergverksdrift auka med 12,0 pst. og industrinæringa synte ein nedgang på 0,7 pst. Det var ein produksjonsauke på 3,9 pst. i skjerma industri og ein nedgang på 2,2 pst. i heimekonkurrerende industri. Utekonkurrerende industri og berg-

verksdrift hadde ein nedgang på 0,6 pst. i høve til same perioden året før.

Produksjonen av olje, gass og NGL på den norske kontinentalsokkelen var i 1990 107,3 millionar tonn oljeeiningar mot 103,8 millionar tonn oljeeiningar i 1989. I første halvår av 1991 var produksjonen 59,7 millionar tonn oljeeiningar, ein auke på 12 pst. i høve til same perioden året før. For første halvår 1990 vart oljeproduksjonen avgrensa med 5 pst. i høve til dei godkjende produksjonsprogramma. I juni 1990 vedtok Regjeringa at produksjonsavgrensinga skulle opphevast etter første halvår av 1990.

Investeringskostnadene til faste installasjonar og rørleidningar på kontinentalsokkelen var i 1990 vel 26 milliardar kr, det same som året før. I det same tidsrommet kom leitekostnadene opp i vel 5 milliardar kr. Dette er òg nær det same som året før.

Pr. 31. desember 1990 er det totalt påvist 5 260 millionar tonn oljeeiningar på norsk sokkel. Oppjusteringa av ressursgrunnlaget for felt i produksjon og felt med godkjend utbyggingssplan i tillegg til nye funn i 1990 tilsvarer den samla produksjonen i same perioden.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1990 8 313 millionar liter. Det er ein reduksjon frå året før på 1,3 pst. Totalsalet i første halvår av 1991 var på 3 867 millionar liter, ein nedgang på 1,4 pst. samanlikna med same perioden i 1990.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1990 var 121,6 milliardar kilowatt-timar (TWh), som er ny rekord og ein auke på 2,1 pst. i forhold til 1989. I første halvår 1991 var produksjonen av kraft 61,1 TWh. Det er ein nedgang på 0,4 pst. i høve til første halvår av 1990. I 1990 var det ein nettoeksport på 16,0 TWh mot 14,9 TWh i 1989. På grunn av unormalt mykje nedbør, mild vinter og ein lite fleksibel kraftmarknad rann det vassmengder med eit energiinnhald på 7 TWh forbi driftsklare maskiner i 1990.

Bruttoforbruket av elektrisk kraft gjekk i første halvåret av 1991 opp med 6,3 pst. i høve til same tidsrommet året før. I tolv månadersperioden til og med juni 1991 var bruttoforbruket av kraft 109,1 TWh, ein oppgang på 3,9 pst. i høve til same perioden eitt år tidlegare.

I 1990 auka installert maskinkapasitet med 78 megawatt (MW) og fastkraftproduksjons- evna med 265 GWh.

Konsumprisindeksen for dei åtte første månadene i år låg i gjennomsnitt 3,7 pst. høgare enn i den tilsvarende perioden i fjor. Tilsvarende tal året før var 4 pst.

Den reviderte nasjonalrekneskapsstatistikken for 1990 viser at bruttoinvesteringa i fast kapital i varehandelen var 4 956 millionar kr i 1990 og 4 240 millionar kr i 1989. Nedgangen i sysselsetjinga i varehandelen heldt fram gjennom 1990 og inn i første halvår av 1991.

I første halvår av 1991 minka det omsette volumet i detaljhandelen totalt med 3,2 pst. samanlikna med første halvåret av 1990. Utanom motorkjøretøy og bensin var det omsette volumet i detaljhandelen om lag uendra.

I engroshandelen minka det omsette volumet med 5,5 pst. første kvartalet i 1991 samanlikna med den same perioden året før. Utanom motorkjøretøy, brensel og drivstoff minka det omsette volumet med 4,9 pst. i engroshandelen i denne perioden.

Overnattingsstatistikken for hotell og andre overnattingsstader synte ein vekst i 1990 på 3 pst. frå året før. Norske gjestedøgn gikk opp med 4 pst., medan utanlandske gjestedøgn auka med 3 pst. Totalt er det registrert om lag 12,0 millionar gjestedøgn i 1990, og av desse stod nordmenn for om lag 70 pst. På campingplassane er det registrert vel 5,1 millionar overnattingar, ein auke på 8 pst. frå året før. Nordmenn står her for 58 pst. av belegget. Dei totale reisevalutainntektene til Noreg var i 1990 9,4 milliardar kr, 2,3 pst. høgare enn i 1989. Reisevalutautgiftene var 21,4 milliardar kr, 8,5 pst. høgare enn i 1989.

Den samla innanlandske kreditttilførsla auka med 3 pst. i 1990. Auken i kredittindikatoren var dei siste 12 månadene fram til utgangen av juli i år 0,7 pst. Dette er lågare enn den nedre grensa av intervallet på 5–9 pst. som er sett som hjelpemiddel for å vurdere kredittpolitikken. Pengemengda auka med 4 pst. dei siste 12 månadene fram til utgangen av juli. Pengemengdeveksten er i 1991 rekna til 6,0 pst.

Då den norske krona vart knytt til valutaen eina ecu i fjor, fall pengemarknadsrentene med det same. Frå først i november og ut 1990 var det likevel ei generell stigning i dei norske pengemarknadsrentene parallelt med ein generell renteauke blant EF-valutaene.

Pengemarknadsrentene fall frå og med byrjinga av 1991 til botnivå 28. mai. 3-månadersrenta var då 9,8 pst. Rentene har så stige noko igjen. 3-månadersrenta låg 18. september på 10,7 pst., som er om lag 1,0 prosentening lågare enn ved årsskiftet.

Samstundes med det låge rentenivået i mai var dei norske rentene om lag på nivå med gjennomsnittet for ecu-landa. Rentedifferansen har stige noko gjennom juni og juli. 18. september låg 3-månadersrenta 0,8 prosentening over gjennomsnittet for ecu-landa.

Noregs Bank sette ned dagslånsrenta i fire omgangar med til saman 1,0 prosentening i vår. På bakgrunn av Noregs Banks støttekjøp av kroner i valutamarknaden sidan slutten av august, vart daglånsrenta sett opp til 10 pst. 19. september.

Rentemarginen i bankane låg ved utgangen av andre kvartal av 1991 på 5,3 pst., eller 0,1 pst. høgare enn ved årsskiftet.

Førebels tal viser at resultatata (driftsresultat etter tap) er vesentleg forverra for forretningsbankane i første tertial i år samanlikna med første tertial av 1990. Resultata for sparebankane var noko betre. Samanlikna med tredje tertial i 1990, var driftsunderskottet etter tap lågare i første tertial av 1991 både for forretningsbankane og sparebankane.

Kredittføretaka fekk ein auke i driftsresultatet i første tertial i 1991 samanlikna med same perioden i fjor. Tilsvarande auka dei sju største finansieringsselskapa driftsresultata etter tap i første tertial i 1991 samanlikna med same perioden i fjor.

Totalindeksen ved Oslo Børs fall med nær 40 pst. frå rekordnivået på 666 poeng 2. august i fjor fram mot midten av januar i år. Etter ein del svingingar gjennom første halvår i år ligg indeksen no om lag 25 pst. lågare enn ved toppnivået 2. august i fjor eller vel 10 pst. høgare enn ved årsskiftet.

I valutamarknaden har den norske krona lege stabilt rundt sentralverdien i svingingsområdet etter at ho vart knytt til ecu 22. oktober i fjor.

Korrigert for netto terminplikter var valuta-reservane ved utgangen av 1990 88 milliardar kr mot 82 milliardar kr ved utgangen av 1989. Noregs Bank kjøpte valuta i valutamarknaden netto for i overkant av 4 milliardar kr i 1990. Frå årsskiftet fram til utgangen av august i år har Noregs Bank netto selt valuta for i overkant av 7,5 milliardar kr.

I samsvar med framlegg frå Regjeringa har Stortinget vedteke å opprette Statens banksikringsfond, og løyvd 5 milliardar kr til fondet. Fondet er oppretta for å støtte opp under soliditeten i det norske banksystemet og for å ta vare på interessene til innskytarane.

Førebels oppgaver over varebyttet med utlandet syner at verdien av innførsla utanom skip og oljeplattformer i dei seks første månadene av 1991 var 76,1 milliardar kr. Verdien var 0,7 milliardar kr lågare enn i fjor. Verdien av utførsla utanom skip og oljeplattformer var i første halvår 1991 102,2 milliardar kr, eller 11,1 milliardar kr meir enn i januar–juni 1990. Av utførsla i dei seks første månadene i 1991 utgjorde råolje og gass 45,4 milliardar kr, mot 35,7 milliardar kr i fjor.

For perioden januar–juni 1991 syner førebels oppgaver for driftsrekneskapen overfor utlandet eit overskott på 16,5 milliardar kr mot 0 milliardar kr for januar–juni 1990. For varer og tenester i alt var det eit eksportoverskott på 31,8 milliardar kr i januar–juni 1991, mot 14,2 milliardar kr i same perioden året før. Eksportoverskottet i januar–juni 1991 fordeler seg på varer og tenester med 27,1 og 4,7 milliardar kr i same følgd. Tilsvarande tal for same periode i 1990 var 11,3 og 2,9 milliardar kr.

Rente- og stønadsbalansen syner eit underskott på 15,3 milliardar kr i januar–juni 1991 mot 14,2 milliardar kr i januar–juni 1990. Underskottet i 1991 fordeler seg på renter, aksjeutbytte m.m. og stønader med 5,3, 7,1 og 3,0 milliardar kr i same følgd.

Trass i overskottet på driftsrekneskapen i januar–juni 1991 syner førebels oppgaver at Noregs nettogjeld gjekk opp med 1,2 milliardar kr i perioden. Nettogjelda overfor utlandet kan etter dette bli rekna til 92,9 milliardar kr ved utgangen av juni 1991.

Den norskregistrerte handelsflåten minka med 0,5 millionar dødvekttonn i første halvår i år, og var på 41,5 millionar dødvekttonn ved utgangen av juni 1991. 263 skip på til saman 1,5 millionar dødvekttonn var registrerte i det ordinære norske skipsregisteret, medan 915 skip på til saman 40,0 millionar dødvekttonn var registrerte i Norsk Internasjonalt Skipsregister, NIS.

Ved utgangen av juni 1991 var det ved utlandske verkstader tonnasje under bygging eller tinga for norsk rekning og under norsk flagg på til saman 4,8 millionar dødvekttonn. Det er ein nedgang på 0,6 millionar dødvekttonn frå juni 1990. Fraktratane gjekk opp for dei fleste marknadene i 1990 og først i 1991. Ved utgangen av juni 1991 låg ein svært liten del av flåten i opplag. I juni var det registrert 37 norske riggar i opplag.

Brutto fraktinntekter frå skipsfarten utgjorde i 1990 22 pst. av eksportinntektene utanom råolje og naturgass, og netto fraktinntekter var 17,7 milliardar kr.

Frå første halvår av 1990 til første halvår av 1991 steig utgiftene over statsbudsjettet utanom lånetransaksjonar med 11,6 pst. Statsutgifter utanom utgifter til statleg petroleumsvirksomd hadde ein vekst på 11,9 pst. Inntektene på statsbudsjettet auka i same perioden med 5,1 pst. Utanom oljeinntekter og overføringar frå Noregs Bank auka inntektene med 4,4 pst. I første halvår av 1991 var underskottet på statsbudsjettet medrekna folketrygda 16,1 milliardar kr. Underskottet før lånetransaksjonar (korrigert for oljeskattar, statleg petroleumsvirksomd og overføringar frå Noregs Bank) var i første halvår av 1991 39,6 milliardar kr, mot eit underskott på 27,4 milliardar kr i den same perioden i 1990.

Det er vedteke ei omfattande skatterreform, med sikte på å gjere norsk økonomi meir effektiv. Reforma vil bli sett i verk frå og med inntektsåret 1992.

I mai gjorde Regjeringa framlegg om omorganisering av toll- og avgiftsetaten. Dette arbeidet vil styrkje og effektivisere kontrollen av skatte- og avgiftspliktige, mellom anna gjennom målretta bruk av informasjonsteknologi.

15. juli tok ei ny forskrift til å gjelde. Denne

forskrifta endrar tidlegare praksis med dobbel skattlegging av bilar der eigaren bur i eitt land, men arbeider i eitt anna land.

Frå 1. januar 1991 vart det innført CO₂-avgifter på bensin, mineraloljer og for gassforbrenning på norsk sokkel.

Utbygginga av dei to oljefelta Statfjord Aust og Nord var oppe i Stortinget i desember 1990. Felta blir bygde ut som satellittar i Statfjordfeltet.

Våren 1991 vart utbygginga av Heidrunfeltet behandla i Stortinget. Spørsmålet om utnytting av gassen vart utsett.

Våren 1991 vart det også vedteke at oljefeltet Tordis og gassfeltet Loke skal byggjast ut.

Regjeringa godkjende i desember 1990 den reviderte planen for utbygging og drift av Troll fase I.

Planen for utbygging og drift av Emblafeltet vart godkjend av Regjeringa i desember 1990. Dette feltet er det åttande feltet i Ekofiskområdet.

Stortinget gav i mai i år prinsipiell tilslutning til bygging av eit tredje transportrør for gass til kontinentet, Europipe.

Ilandføring av gass til Tyskland gjer det også nødvendig å inngå ein traktat som regulerer jurisdiksjons- og skatteforhold mellom Noreg og Tyskland. Traktatforhandlingane har starta.

Ein uavhengig konsulent vurderer eigardelane i det norsk-britiske Statfjordfeltet.

Tildelinga av 22 utvinningsløyve i den 13. konsesjonsrunden på norsk sokkel vart gjord i mars i år. Tildelinga omfatta blokker både i Nordsjøen, på midtnorsk sokkel og i Barentshavet.

Som ei førebuing til den 14. runden er oljeselskapa inviterte til å komme med synspunkt på kva blokker dei ønskjer skal bli utlyste i kommande runde.

I 1990 har ein gjort gode funn i Nordsjøen og på midtnorsk sokkel, medan ein under boringane i Barentshavet ikkje har funne nye ressurser.

Regjeringa la i vårsemesteret fram ein proposisjon om omorganisering av Statkraft. Regjeringa går inn for å opprette eit statens produksjonsføretak, Statkraft SF, og eit statens sentralnettføretak, Statnett SF, etter den nye lova om statsføretak.

Som ei oppfølging av proposisjonen om standardisering, prøving, sertifisering og akkreditering i Noreg, er Norges Standardiseringsforbund (NSF) omdanna.

Det er vidare skipa eit nytt fagorgan i form av ein stiftelse, Norsk Allmennstandardisering (NAS). Dette organet skal samordne tverrfaglege standardiseringsområde.

Vidare er Direktoratet for måleteknikk tillagt akkrediteringsansvaret for sertifiserings-

og inspeksjonsorgan. Ordninga er organisert saman med dei akkrediteringsordningane som finst frå før, og blir kalla Norsk Akkreditering.

Som eit ledd i EØS-forhandlingane har Regjeringa gått inn for full deltaking i det tredje rammeprogrammet i EF. I 1990 er det gjort avtale om norsk deltaking i miljøteknologiprogrammet STEP.

Handlingsplanen for informasjonsteknologi vart evaluert i 1990. I tråd med tilrådingane i evalueringa er den statlege satsing på informasjonsteknologi no reorganisert.

Regjeringa er oppteken av at den teknisk-naturvitskaplege instituttstrukturen skal bli enklare. I tråd med eit framlegg frå NTNF, er instituttmiljøet i Nord-Noreg og Bergen i ferd med å bli omorganisert.

Ordninga med statlege forskings- og utviklingskontraktar er vorten evaluert.

Ved førebuingane til ein opnare offentleg innkjøpsmarknad i Europa, er det viktig at norsk næringsliv kan vise til referanseprosjekt på heimemarknaden. I den seinare tida er det sett i verk fleire tiltak som vil gjere sitt til at norske verksemdar styrkjer posisjonen sin på den offentlege innkjøpsmarknaden i Noreg.

Næringslovutvalet har halde fram med arbeidet sitt og mellom anna gjort framlegg om å oppheve lovene om etablering, opningstider, fiskeoppdrett og hotell-lova, og komme med framlegg om å innføre fristar for offentleg saksbehandling m.m.

Ei ny organisasjonsform for statleg næringsdrift og forretningsbasert tenesteyting er utvikla gjennom lov om statsføretak, som Stortinget vedtok før sommaren.

Regjeringa la i vår fram ei stortingsmelding om næringsstiltak for Svalbard.

Stortinget slutta seg i vårsesjonen til framlegget frå Regjeringa om omstilling i Sør-Varanger og framtidig verksemd ved A/S Sydvaranger. Det er stilt til rådvelde ei samla ramme på 400 millionar kr til å skipe nye arbeidsplassar i Sør-Varanger. Etter framlegget frå Regjeringa er det vedteke at A/S Sydvaranger skal starte opp underjordsdrift så tidleg som mogleg i 1992.

Stortinget godkjende i juni 1991 ei avtale mellom Næringsdepartementet og tilsette i Rana Gruber AS, som går ut på at tilsette og styremedlemmer har teke over selskapet.

I innanlands persontransport vart det i 1990 utført eit transportarbeid på 50,8 milliardar personkilometer. Dette er ein auke på noko under 1 pst. frå året før.

Privatbilane står for vel 78 pst. av dei registrerte persontransportane. Frå ein tidlegare årleg auke på 5–7 pst. gjekk transporttytingane som personbilane sto for, opp i underkant av 3 pst. i perioden 1987–1990.

Godstransportarbeidet innanlands synte ein

vekst på vel 2 pst. frå 1989 til 1990, og det samla godstransportarbeidet innanlands var i 1990 på 25,6 milliardar tonnkilometer. Sjøtransporten utgjer framleis den største delen av godstransportarbeidet.

Ved utgangen av 1990 var det offentlege vegnettet på 88 922 kilometer, som er ein vekst på 748 kilometer. Riksvegnettet utgjer 26 220 kilometer, og av dette har 98 pst. fast dekke. Ved utgangen av 1990 var det tillate med 10 tonns aksellast på 78 pst. av riksvegnettet utanom teletøysinga, mot 76 pst. året før.

I 1990 vart det opna 84 bruer på riksvegnettet. I tillegg til desse vart det opna 8 gang- og sykkelbruer.

I 1990 vart 75 ulykkespunkt og 32 ulykkestrekningar utbetra. Det vart bygd 90 kilometer nye gang- og sykkelveggar.

Ved utgangen av 1990 var det registrert 2 924 124 kjøretøy i Noreg. Det er ein auke på 0,5 pst. frå året før. Ved utgangen av 1990 var det 2,6 personar pr. registert personbil i Noreg.

I 1990 vart 12 145 personar drepne eller skadde i trafikken. Det er ein auke på 2,3 pst. frå året før. Talet på drepne gjekk ned frå 381 til 332.

«Aksjon skoleveg» på fylkesveggar og kommunale veggar er ført vidare.

Ved utgangen av 1990 var det 153 ferjesamband på riks- og fylkesvegnettet. Desse sambanda vart trafikkerte av 226 ferjer.

Etter eit år med nedgang i trafikken over norske lufthamner i 1989, snudde utviklinga seg i 1990. Rekna i passasjertal var auken på 5,8 pst. til i alt 16,3 millionar. Av desse reiste 73 pst. innanlands og 27 pst. til eller frå utlandet.

På Fornebu vart det i andre kvartal 1991 ferdigstilt ei utviding av ekspedisjonsbygningen på 8 335 m².

Krigen i Persiabukta førte i dei første månadene av 1991 til ein sterk nedgang i trafikken. Tal for første halvår syner ein svikt på 4,2 pst. Etter at situasjonen no har stabilisert seg, ventar ein at denne svikten nærast vil bli utjamna. Trafikken for året vil likevel liggje om lag 1 pst. under nivået for 1990.

Stortinget slutta seg i desember i fjor til at det blir utarbeidd planar for ein ny hovudflyplass for Oslo-området på Gardermoen. Planane skal danne grunnlag for drøftinga i Stortinget i 1992 av spørsmålet om utbygging. Planane blir gjennomførte i samsvar med det planprogramet som vart presentert i ein eigen tilleggsproposisjon.

I første halvår av 1991 er det framleis ein vekst for persontrafikken med NSB, medan godstrafikken syner ein svak tilbakegang. Godstrafikken med jernbanen, utanom Ofotbanen, rekna i tonnkilometer gjekk ned med 5,9 pst. På Ofotbanen var reduksjonen 5,6 pst. Per-

sontransportarbeidet hadde ein vekst på 1,1 pst.

Ved den årlege ruteendringa auka NSB togtilbodet på mellomdistansane og langdistansane. For lokaltrafikken har det vore ei større omlegging for å tilpasse denne betre til fjerntoga. På strekninga Bergen-Voss er talet på togavgangar auka samstundes med at kjøretida er korta ned. På infrastruktursida vart det i desember 1990 opna ein ny tunnel på Bergensbanen mellom Voss og Bulken. NSB har trappa opp planarbeidet med høg fartstog. Den første parsellen (Tvetter-Rustad) av dobbeltsporet Ski-Moss vart opna for trafikk i 1990.

Talet på postsendingar auka i 1990 med 1,7 pst. til 2 038,4 millionar. Talet på brevpostsendingar i 1990 var 1 564,6 millionar. Talet på poststader gjekk i 1990 ned med 38 til 2 621.

Telefontrafikken innanlands auka med 5,8 pst. og til utlandet med 9,9 pst. frå 1989 til 1990. Totalproduktiviteten i Televerket auka i den same perioden med heile 9,5 pst.

Pr. 31. desember 1990 var det installert i alt 2 085 822 telefonabonnement. Det er ein netto auke på 60 888. Telefontettleiken i Noreg var på 50,2 pr. 100 innbyggjarar.

Statens teleforvaltning har i 1990 gjeve 526 typegodkjenningar av telekommunikasjonsutstyr. Det er ein auke på 40 pst. frå 1989. Ved utgangen av 1989 hadde STF gjeve 2 918 autorisasjonar, som er ein netto auke på 3 pst. I same perioden auka det totale talet på kabel-TV-nett med konsesjon til 467 og dei med meldeplikt til 2 021.

Regjeringa la 13. september fram ei stortingsmelding om televerksemda i Noreg. I meldinga er det m.a. gjort framlegg om auka konkurranse i telesektoren og større fullmakter for Televerket.

Konsesjonar som er gjevne til stasjonære og mobile radiostasjonar, var ved utgangen av 1990 77 935 som er ein netto nedgang på 4,6 pst. frå året før.

Arbeidet for betre miljø og ressursdisponering er høgt prioriterte oppgåver i landbruket, og ein har lagt sterk vekt på desse satsingsområda: Å redusere ureiningane frå jordbruket, å ta vare på og utvikle kulturlandskapet og eit fleirsidig skogbruk. Ressursinnsatsen til desse tiltaka er auka med nær 50 pst. frå 1990 til 1991. I tillegg er tilskotta over jordbruksavtala gjorde avhengige av ei omlegging til meir miljøvennleg drift. Det er brukt 600 millionar kr til spesielle miljøtiltak hittil i 1991. 1 650 millionar kr av overføringane over jordbruksavtala vil få verknad for miljøet.

Det er lagt stor vekt på grunnleggjande forhold for å utvikle eit berekraftig landbruk med forskings- og utviklingsprosjekt. Forskingsinstitusjonane har ei omprioriteringstakt på 5–10

pst. i året. I tillegg blir det gjennomført ei rekkje utviklingsprosjekt der siktemålet er ein rask overgang til metodar for miljøvennleg drift i det praktiske landbruket.

I 1990 var det 215 brukarar med i alt 20 600 dekar jordbruksareal som fekk tilskott frå ordninga med omstillingsstønad til dei som ønskjer å gå over til økologisk drift. I 1991 er det om lag 370 brukarar som har søkt og som har fått førebels tilsegn om tilskott.

Situasjonen i pelsdyrnæringa er framleis kritisk. Det er sett inn særlege verkemiddel med sikte på å halde oppe eit minimum av norsk skinnproduksjon over den lågkonjunkturen vi no opplever.

Følgjene av reaktorkatastrofen i Tsjernobyl i 1986 gjer det framleis nødvendig med tiltak for å redusere radioaktiviteten i dyr på utmarksbeite i fleire område i landet.

Produksjonen av mjølk vart i 1990 1 841 millionar liter. For 1991 vart kvotane til produsent reduserte med 3 pst. i høve til 1990, og reviderte prognosar peikar no mot ein produksjon i 1991 på 1 795 millionar liter.

Forbruket av mjølk viser ein svak nedgang i høve til 1990. I mjølkesektoren har delen av lettmjølk og magermjølk auka medan heilmjølkdelen er redusert. Salet av ost er stabilt på 1990-nivået.

Marknadssituasjonen for kjøtt er framleis prega av overskott. Overskottet vart likevel redusert med 30 pst. i høve til prognosane for 1990.

Jordbruksforhandlingane i år mellom staten og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag førte ikkje fram til noka avtaleløsning. Jordbruksoppgjeret gjekk derfor til Stortinget som vedtok framlegget frå Regjeringa med minimale endringar. Den økonomiske ramma for oppgjeret var på 725 millionar kr. Jordbruksoppgjeret i år inneber ei vidareføring av reformprosessen i landbruket, som tek sikte på å redusere produksjonspresset og overkapasiteten i jordbruket. Som ledd i ein langsiktig strategi for kostnadsreduksjonar har ein i dette oppgjeret redusert korn- og kraftfôrprisane, i tillegg til at det er fastsett eit lågare produksjonsmål på mjølk. Gjennom fordelinga av inntektstillegga er strukturprofilen dempa noko, medan distrikts- og miljøprofilen er styrkt.

Omforminga av verkemiddelbruken held fram i dette oppgjeret. Om lag 1 000 millionar kr er overførte frå subsidiar som er knytte til pris og produksjon, til støtteordningar som er baserte på arbeidsforbruk og areal.

Veterinærstellet har vore inne i ei sterk omstilling det siste året.

Det er utarbeidd nye slakteriføresegner for akvatiske organismar og føresegner om godkjenning av metodar og utstyr for handsaming

av død fisk, fiskeavfall m.m. for å unngå smittefare.

I skogbruket vart det i driftsåret 1989–90 avverka 11 millionar kubikkmeter til sal og industriproduksjon. Det er ein auke på 3 pst. frå året før, og den høgaste avverkinga som er registrert. Bruttoverdien i 1989–90 var 3 684 millionar kr. Prognosar som byggjer på oppgåver pr. 1. april 1991 frå skogbrukssetaten tyder på at den samla avverkinga for driftsåret 1990–91 vil bli vel 10 millionar kubikkmeter.

Frå den systematiske takseringa av skogane i Noreg tok til og fram til i dag, har den ståande kubikkmassen, trass i aukande avverking, stige frå 300 millionar kubikkmeter til vel 500 millionar kubikkmeter. Hovudgrunnen til dette er ein vedvarande og målmedviten innsats for å byggje opp ny skog.

Det meste av det norske tømmeret blir foredla i Noreg. I 1990 eksporterte treforedlings- og trelastindustrien varer for om lag 12 milliardar kr.

Aktiviteten på område som skogbruksplanlegging, skogkulturarbeid og skogvegbygging ligg framleis på eit høgt nivå. Det siste året er det gjort ei rekkje endringar i dei forskriftene som finst, med sikte på å leggje større vekt på miljøomsyn.

Eit landsomfattande overvakingssopplegg for å registrere helsetilstanden i skogen vart sett i verk i 1989.

Utbyttet av fisket var i første halvår av 1991 1 185 000 tonn (rundt vekt) til ein førstehandsverdi av om lag 3 020 millionar kr. Dette er ein auke i kvantum på rundt 360 000 tonn (43,6 pst.) og ein auke i verdien på rundt 730 millionar kr (24,1 pst.) samanlikna med same perioden i fjor. Årsaka til auken er i hovudsak at loddekvantumet auka samanlikna med første halvår 1990. Dette kjem av at det i 1991 vart opna for vinterloddefiske i Barentshavet.

Torskekvantumet gjekk opp frå 80 000 tonn første halvår av 1990 til 129 000 tonn første halvår av 1991.

Kvantumet av industrifisk (augepål, tobis og kolmule) gjekk ned med 149 000 tonn (35 pst.).

Av oppdrettsfisk vart det i første halvår av 1991 slakta om lag 82 000 tonn til ein verdi av 2 390 millionar kr. Dette er ein nedgang på rundt 4 000 tonn (4,5 pst.) og om lag 190 millionar kr (7,4 pst.) samanlikna med første halvår av 1990. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk opp frå 5 399 millionar kr pr. 30. juni 1990 til 7 053 millionar kr pr. 30. juni 1991.

Ressurssituasjonen i Barentshavet er inne i ei gunstig utvikling. Etter stopp i loddefisket sidan 1986 vart det i 1991 opna for vinterloddefiske. Bestandane av norsk arktisk torsk og hyse er i vekst. For 1991 vart det fastsett auka torskekvotar, men strenge reguleringar gjeld

1991. 2. okt. – Åpning av det 136. Storting

framleis. I Nordsjøen er kvotane framleis på eit lågt nivå, men vekst i den vestlege makrellbestanden har gjeve grunnlag for å auke denne fangsten i 1991.

Den vanskelege ressursituasjonen i torskesektoren for 1989 og 1990 førte til at fiskeristøtta vart auka desse åra. Ved inngangen til 1991 såg situasjonen for fiskerinæringa lysare ut på grunn av opning av loddefisket, moderat auke i kvotane og utsikter til eit tilfredsstillande prisnivå. Dette og målsetjinga om å redusere næringsoverføringane, tala for at stønadssummen burde vere klart mindre enn i 1990. I forhandlingane mellom Noregs Fiskarlag og staten vart det oppnådd semje om ei ramme for støtteavtala for 1991 på 715 millionar kr.

Lov av 27. april 1990 nr. 9 om regulering av eksporten av fisk og fiskeprodukt vart sett i verk 1. juli 1991. I forskrift er ei rekkje sentraliseringsvedtak fastsette i medhald av den tidlegare lova, oppheva.

Frå 1. juli 1991 kom Eksportutvalget for fisk i staden for dei 11 bransjevisse eksportutvala.

Frå 1. juli vart avtala om frihandel med fisk og fiskeprodukt innanfor EFTA sett i verk.

Arbeidet med eit fullskala havbeiteforsøk er ført vidare.

Tiltak er sette i verk for å sikre ei meir beikraftig utvikling innanfor oppdrettsnæringa.

Stortinget har slutta seg til framlegget frå Regjeringa om at Noreg også i framtida skal ha eit bakkebasert system for radionavigasjon, og at Loran C gjev betre dekning enn det noverande Decca-systemet.

I 1991 har politiet satsa særskilt på førebyggjande og oppsøkjande verksemd overfor barn og unge. Politikamra har fått tildelt øyremerkte midlar til ulike tiltak. Det er oppretta barnevernsvakter ved 14 politikammer i tillegg til seks vakter som var i verksemd frå før.

For å førebyggje rusmisbruk blant barn og unge er det sett i verk ein landsomfattande holdningskampanje.

Det er vedteke endringar i straffelova, aksjelova, pantelova m.m., som eitt av fleire middel i kampen mot økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet.

Den sentrale økokrimeininga er styrkt monaleg. Eininga har arbeidd med ei rekkje store saker og har komme godt i gang med hjelp til lokale politikammer. Særleg har konkurskriminaliteten vorte prioritert.

Domstolane har også fått styrkt kompetanse til innsats i kampen mot økonomisk kriminalitet, og det er arbeidd med betre rutinar og metodar for domstolane til å ta seg av slike saker.

Politiet har auka innsatsen i trafikktryggleiksarbeidet, og det har m.a. vore ein auke i talet på kontrollerte kjøretøy. Det er innført automatisk overvaking i lysregulerte kryss i

fleire politidistrikt.

Utrykkingspolitiet er trekt inn i kampen mot narkotika. Mannskapa har fått opplæring for å vere aktivt med i arbeidet for å avdekkje ulovleg omsetning og bruk av narkotika, også for å redusere den faren som narkotikapåverka personar utgjer i trafikken.

Det er sett i verk arbeid med sikte på ei mogleg omorganisering av den sentrale politileiinga.

Det er vedteke å opprette ein Politihøgskole. Ny tenesteinstruks for politiet har teke til å gjelde. I samband med arbeidet med ei ny politilov er det sett i verk utgreiing av spørsmålet om streikerett for politiet.

Dei fleste lensmannskontora har no teke i bruk edb-system som hjelp ved utføring av sivile gjeremål.

Det er i 1991 utpeikt ein spesialrådgjevar til å greie ut spørsmål som gjeld europeisk politisamarbeid og Noregs rolle i dette.

Gjennom ei lovendring er monopol på å drive advokatverksemd mjuka opp, samtidig som krava til advokatløyving er skjerpja på dei områda der det framleis krevst løyve.

Arbeidet med å avvikle køen av usona fengselsdommar har gjeve gode resultat. Fengselsstellet har klart å snu den negative utviklinga, slik at køen no jamleg er redusert.

I mars 1991 vart det vedteke endringar i straffelova som m.a. medfører at samfunnsteneste er gjord til ei eiga hovudstraff. Vidare er ordninga med konfliktråd gjord obligatorisk.

Det er sett ned eit utval som ser på noverande og framtidige arbeidsoppgåver for kriminalomsorg i fridom.

Det er vedteke ei lov om overføring av domfelte m.m., slik at Noreg kan ratifisere ein europeisk konvensjon som gjer det lettare for straffedømde å få sone i det landet dei har sterkest tilknytning til.

Det er vedteke ny ekteskapslov. Ein har halde på grunndragane i gjeldande ekteskapslovgjeving, men ei rekkje punkt er likevel endra for å gjere lovstoffet på området enklare, meir oversiktleg og lettare tilgjengeleg. I staden for obligatorisk mekling i separasjons- og skilsmisse saker er det komme ei ny meklingsordning for foreldre med barn under 16 år. Det er vidare vedteke ei lov om rett til felles bustad og innbu når eit husstandsfellesskap tek slutt.

Det er vedteke forbod mot løynd fjernsynsovervaking på offentleg stad og straffeboda mot heleri, uforsiktig omgang med skytevåpen, ulovleg innførsle av alkohol og falske utrykkingsmeldingar er skjerpja.

Det er fremja ein odelstingsproposisjon om ny lov om tvangsfullføring og mellombels sikring. Dei største endringane gjeld reglane om tvangs sal av fast eigedom, skip m.m.

Det er fremja ein odelstingsproposisjon med framlegg til lov om avhending av fast eigedom. Området er ikkje tidlegare lovregulert.

Ei arbeidsgruppe har lagt fram ei utgreiing om seksuelle overgrep mot barn. Framlegget frå gruppa tek sikte på å skjerpe reaksjonane frå samfunnet og gjere det lettare for dei som har vore utsette for overgrep, å få dekt tap som følgjer av overgrepa.

Den nye utlendingslova med tilhøyrande forskrifter har teke til å gjelde.

Ei ny forskrift om internkontroll for helse, miljø og tryggleik vart fastsett i mars.

Bustadmarknaden er framleis merkt av svak etterspørsel, særleg etter nye bustader. Første halvår i år vart det berre sett i gang bygging av i underkant av 8 000 bustader, i all hovudsak husbankfinansierte.

For å stimulere bustadetterspørselen, auke sysselsetjinga i byggebransjen og redusere betalingsproblema for dei som nyleg har etablert seg, har Regjeringa sett ned husbankrenta og innført nye låneordningar i Husbanken til utbeiring, etablering og refinansiering.

Det er vedteke lover og forskrifter om tryggleik i tivoli og lystparker. Det er vedteke lovreglar om mishald i eigarseksjonssameige.

Delegeringa av ansvar og avgjerdsmynding til fylkeskommunane innanfor distriktpolitikken er ført vidare med innføring av lokalt totalansvar. Slikt ansvar vart innført i DU-systemet frå 1. januar 1991 og fører til at fylkeskommunen har fått tapsansvar for nye årgangar av lån og garantiar, oppfølgingsansvar for både gamle og nye engasjement, og dertil resultatansvar. 15 pst. av den totale ramma til distriktsutbygging som blir tildelt fylka, er fordelte ut frå resultat i høve til definerte mål.

Den samla tilsegnssummen på dei verksemdretta verkemidla var i 1990 på 1 674 millionar kr. Av dette utgjer tilsegn om lån 664 millionar kr, garanti for lån 197,5 millionar kr, investeringstilskott 549 millionar kr og tilskott til verksemdutvikling 263,5 millionar kr.

Det er gjeve lån og/eller investeringstilskott til 456 nyetableringar i 1990.

For 1990 vart det gjeve tilsegn om tilskott til kommunale utbyggingstiltak med i alt 224 millionar kr. I 1991 er løyvinga til kommunale næringsfond 125 millionar kr.

I 1990 vart det gjeve tilsegn om tilskott på 180 millionar kr til regionale utviklingstiltak.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) har vore inne i ein omstillingsperiode. Stortinget har i si behandling av meldinga om verksemda i 1988 og 1989, gjeve tilslutnad til at selskapet blir bygd opp omkring forvaltning og utvikling av eigedommar, utvikling av verksemdar, og arbeid gjennom andre selskap.

Programmet for privat tenesteyting i distrikta (PTD) blir avslutta i 1991. For dette året er

det sett av 10 millionar kr til eit omfattande formidlingsopplegg.

Det er sett av 15 millionar kr i 1991 til eit program for å utvikle infrastrukturen i reiselivet.

Som eit ledd i arbeidet med å sikre ei meir effektiv utnytting av ressursane på innvandringsområdet, er det etablert eit nytt finansieringssystem for mottak og integrering av flyktningar og personar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag i kommunane. Samtidig er mottaksapparatet for asylsøkjjarar lagt om, med sikte på at dei som får bli i landet, skal bli sjølvhjelpete så snøgt som råd.

Den økonomiske utviklinga i kommunesektoren i 1990 vart prega av ei stram tilpassing av utgiftene i høve til inntektene. Underskott før lånetransaksjonar vart redusert frå 6,6 milliardar kr i 1989 til om lag 1½ milliardar kr i 1990. I Revidert nasjonalbudsjett for 1991 er det ein føresetnad at underskottet i sektoren skal gå ytterlegare ned i 1991.

I Kommuneøkonomiproposisjonen har ein kalkulert med at nettogjelda i kommunesektoren som del av dei faste inntektene skal reduserast frå 39,1 pst. i 1989 til 35,4 pst. i 1991.

I april 1991 la Regjeringa fram melding om frikommuneforsøket. I tillegg til å gjere greie for forsøka, presenterer meldinga ei vurdering frå kommunane, staten og forskarar og drøfter forsøksverksemda som metode i forvaltningsutvikling og regelforenkling. Ho inneheld ei skisse til ei mogleg framtidig permanent forsøksordning.

Verketida for frikommunelova er lengd med eitt år (ut 1992). I samsvar med dette har alle fri(fylkes)kommunane fått tilbod om å forlengje forsøksverksemda.

Som eit ledd i arbeidet for å sikre likeverd mellom samisk og norsk språk er det vedteke lovreglar om bruk av samisk språk.

Arbeidet med å få til ein reduksjon av dei totale avfallsmengdene er intensivert monaleg. Det er eit mål at mest mogleg av avfallet skal brukast om att eller gjenvinnast. For å nå desse måla er det mellom anna sett i gang arbeid med å utvikle nye juridiske og økonomiske verkemiddel.

Flaskehelsen for kjeldesortering og gjenvinning har vore å finne verksemdar som kan foredle avfall til råvarer som kan brukast i nye produkt. Når det gjeld glas er avsetningsproblemet løyst ved ei avtale med Moss Glassverk. For papir har det vore arbeidd med dei aktuelle bransjane om ei langsiktig ordning for innsamling og gjenvinning. Også for andre avfallskategoriar som plast, bildekk, spillolje, bilbatterier og organisk avfall er det komme i stand kontaktar med verksemdar/bransjar med sikte på ei avtale om at dei skal ta ansvaret for innsamling og gjenvinning av avfallet.

Det har vore heller stor aktivitet i samband

med oppfølginga av Nordsjø-deklarasjonene der ein har lagt vekt på å finne fram til tiltak som løyser nasjonale og lokale problem og som er kostnadseffektive for alle sektorar sett under eitt.

I landbruket vart det i 1991 innført tilskott til redusert jordarbeiding på dei mest erosjonsutsatte jordbruksareala.

I 1990 var det ni oljevernaksjonar med statleg deltaking. Den største aksjonen var i samband med forliset til malmbåten Azaleas utanfor Haugesund.

Miljøverndepartementet og Forsvarsdepartementet har sett i gang eit samarbeid for å styrkje den statlege beredskapen. Oljevernberedskapen på Vestlandet er styrkt.

Miljøverndepartementet er i gang med å slutføre arbeidet med forskrifter for nedgravne oljetankar.

Det er fastsett forskrifter som forbyr utslepp av oljehaldig borekaks frå nye felt på kontinentalsokkelen.

I 1991 vart det starta eit program for å redusere miljøskadane frå skipsvrak langs norskekysten. Det er m.a. vedteke å tømme «Blücher» utanfor Drøbak.

I 1991 vart det innført totalforbod mot å tømme søppel frå skip og fritidsbåtar i Nordsjøen samstundes som overvaking, beredskap og bøtepraksis er skjerpa.

Rapporten frå det interdepartementale klimautvalet vart lagd fram i mars i år. I rapporten tilrår ein å bruke miljøavgifter som eit hovudverkemiddel i klimapolitikken, og det blir streka under kor viktig det er å harmonisere tiltak internasjonalt.

Føresegna om tilverking, innførsle, utførsle og bruk av KFK tok til å gjelde 1. juli. I 1990 var forbruket av klorfluorkarbon redusert med 46 pst. i høve til i 1986.

Stortinget har vedteke at ureiningslova skal gjelde for samferdselssektoren.

Samferdselsdepartementet og Miljøverndepartementet har samarbeidd for å få til mest mogleg einskaplege transportplanar for dei ti største byområda.

Stortinget har vedteke at det skal innførast avgasskrav for alle fartøy i innanriks sjøfart og for fiskebåtar så snart det er teknisk og økonomisk mogleg. Arbeidet er godt i gang.

Det er gjennomført ei landsomfattande kartlegging av tidlegare nedgrave miljøfarleg avfall.

I samarbeid med næringslivet, arbeidstakarorganisasjonane og miljøvernorganisasjonane vart det i juni sett i gang eit særskilt prosjekt om «grønt» arbeidsliv.

For betre å kunne imøtekomma behovet for vern av dei verdfulle barskogområda i Oslo-marka og i Pasvik i Finnmark har Regjeringa

gått inn for å utvide ramma for landsplanen for vern av barskog. I tillegg til den tidlegare fastsette ramma på 250 km² produktiv skog, tek ein no sikte på at inntil 15 km² i Oslo-marka og inntil 30 km² i Pasvik skal inngå i barskogplanen.

Odelstingsproposisjonen om endring i lov av 19. juni 1970 om naturvern vart lagd fram for Stortinget våren 1991. Endringa gjeld avgrensingar av vederlag når høve til utbygging går tapt ved freding av naturreservat eller naturminne.

Stortingsmeldinga om bioteknologi hadde konklusjonar og framlegg som på einskilte punkt veik av frå hovudsynet til Regjeringa. Regjeringa la derfor i april fram ei tilleggsmelding.

Havbruksforvaltninga vart styrkt i 1991. Då Stortinget drøfta Revidert nasjonalbudsjett, vart det innarbeidd 24 tidsavgrensa stillingar.

Miljøverndepartementet har vedteke endringar i nasjonal forskrift for motorferdsel i utmark og på islagde vassdrag.

Meldinga om miljøvern i kommunane vart fremja våren 1991. Meldinga legg opp til ei monaleg styrking av miljøforvaltninga i kommunane.

Regjeringa gav i januar med heimel i plan- og bygningslova rikspolitiske retningslinjer for regional planlegging og miljøkrav i samband med hovudflyplass på Gardermoen.

Regjeringa sette i 1991 i gang ei rekkje sysselsetjingsprosjekt innanfor miljøvernsektoren.

Eit treårig program for nasjonal utvikling av barnevernet vart sett i gang frå og med januar. Det første målet om å få gått gjennom alle ubehandla saker pr. 1. juli 1991 er nådd.

Det er arbeid i gang med å utvikle alternative organisasjonsmodellar for barnevernet i kommunane.

Det er utarbeidd eit utkast til ny barnevernslov.

Talet på barn i barnehagane auka med om lag 11 000 i 1990. Målet for 1991 er 15 000 nye barnehageplassar. For at ein skulle nå dette, er det innført stimuleringsstilskott til nyetablerte barnehageplassar, endringar i barnehagelova for å kunne gje 6-åringane eit tilbod i skolelokale, og eit utviklingsprosjekt i 40 kommunar for å finne fram til nye barnehagemodellar.

Til støtte for småbarnsfamiliar vart fødselspermisjonen frå april i år utvida til 38 veker med 80 pst. lønnskompensasjon, eller 30 veker med full kompensasjon, og dertil to vekers permisjon før fødselen. Det vart innført eit tillegg i barnetrygda for barn under tre år på 3 144 kr.

Statstønaden til krise- og incestsenter vart i 1991 auka til 50 pst. av driftsutgiftene.

Ei arbeidsgruppe la i mai 1991 fram ei innstilling om ei gjeldsordning for personar med betalingsvanskar. Eit hovudpunkt i framlegget

er at privatpersonar som ikkje greier gjelds-skyldnadene sine, og som ikkje kjem fram til ei frivillig ordning med kreditorane, skal kunne få saka inn for namsretten, som då skal kunne stadfeste ei betalingsordning som kan føre til sanering av gjelda.

Som eitt av fleire tiltak for å motverke alvorlege gjeldsproblem vedtok Stortinget i juni 1991 å skipe ei rådgevingsteneste for familiar i betalingskrise.

Ved pensjonsreguleringa i år vart grunnbeløpet heva med 1 400 kr til 35 500 kr med verk-nad frå 1. mai 1991. Særtillleggssatsane for einslege auka med 2,5 prosenteiningar til 60,5 pst. og for ektepar med 3,1 prosenteiningar til 109,6 pst. Dette dekkjer også bortfallet av kompensasjonstillegget.

Frå 1. mai 1991 vart kompensasjonstillegget avvikla og erstatta med ei mellombels lov. Pensjonistar med pensjon utover minstepensjonen vil delvis få vidareført kompensasjonstillegget fram til 1.5.92. Det er i samband med dette sett ned ei utgreiingsgruppe som skal sjå nærare på inntektsforholda til pensjonistar med låge pensjonar.

Det er vedteke nye retningslinjer for den årlege reguleringa av grunnbeløpet i folketrygda, som fastset at grunnbeløpet skal regulerast i høve til inntektsutviklinga for dei yrkesaktive.

Frå 1. januar får uføre som er fødte i åra 1925–1944, og som anten var uføre ved fødselen eller vart uføre i ung alder, ein auke i pensjonen på 6 120 kr i året, som er om lag 10 884 kr høgare enn minstepensjonen. Ved pensjonsreguleringa i år vart sluttpoengtalet for unge uføre auka frå 3,0 til 3,3 frå mai 1991.

Frå 1. januar 1991 er satsane for stønader til å dekkje ekstra utgifter ved uførleik, barnetil-syn og fødsel auka med 4 pst.

Frå 1. januar 1991 er eigendelane for helsetenesta auka med 5 pst., men taket på eigendelen er framleis 880 kr. Barn under 7 år og HIV-smit-ta er fritekne frå eigendelen. Frå 1. april 1991 er det innført eigenbetaling og eit utgiftstak for helsetenester under opphald i utlandet for sjø-menn, tenestemenn i utanrikstenesta og andre.

Perioden som yrkesaktive har rett til omsorgspengar for ved adopsjon, vart frå 1. april 1991 utvida frå 26 til 28 veker (36 veker med 80 pst. kompensasjon).

Eingongsstønadene til kvinner som ikkje har rett til fødsels- eller omsorgspengar som yrkesaktive, er frå 1. januar 1991 auka med 23 pst. til 10 750 kr.

Sjukepengegrunnlaget for personar som blir sjuke medan dei får arbeidsløsetrygd, er endra slik at sjukepengane frå 1. januar 1991 blir like store som arbeidsløsetrygda.

Det er frå 1. juli 1991 innført ei ordning med at sjukmelde kan bli friskmelde til arbeidsfor-

midlings-/arbeidsmarknadstiltak og likevel ha rett til sjukepengar i inntil 12 veker. Vidare er arbeidsgjevarane pålagde å føre sjukefråværsstatistikk. Frå 1. september 1991 skal det inn-førast tilbagemeldings- og kontrollrutinar for sjukmeldingspraksisen til legane.

Frå 1. januar 1991 har ein som ledd i arbeidet med å redusere tilgangen av nye uførepensjonistar styrkt saksbehandlarrutinane med krav om sikrere medisinsk diagnostikk. Trygdeeta-ten har fått styrkt medisinsk kompetanse. Vi-dare har det vore ei ytterlegare skjerpning når det gjeld å yte uførepensjon til personar under 35 år, og krava til geografisk mobilitet og yrkes-mobilitet er skjerpa.

For å følgje opp Revidert nasjonalbudsjett for 1991 har Stortinget vedteke tiltak for å presi-sere dei medisinske kriteria for uførepensjon gjennom ei nærare forskriftsregulering av vil-kåra i lova om sjukdom, skade eller lyte som vil-kår for uførepensjon. Det er også vedteke stren-gare krav til om det kan seiast at redusert ar-beidsevne skuldast sjukdom. Vidare har Stor-tinget vedteke å følgje opp praksisen til legane i attførings- og uførepensjonssaker for å sikre ei objektiv vurdering og tilbagemelding i rimeleg tid.

Sosialdepartementet har i 1991 løyvt midlar til og sett i gang fleire prosjekt som gjeld ulike forhold ved trygd, sjukefråvær og utvikling av statistikk, uførleik og attføring, utgiftsoverslag og statistikk for pensjonsordningar utanfor fol-ketrygda.

I tillegg er trygdeforskinga styrkt ved at ein har oppretta faste og tidsavgrensa forskarstil-lingar som er øyremerkte for trygdeforsking.

Frå 1. januar 1991 er det innført avgrensing-ar i retten til å få medrekna pensjonspoeng for personar med lengre utanlandsopphald.

Frå 1. januar 1991 begynner utbetalinga av pensjonar til nye pensjonistar kalendermåna-den etter at vilkåra er oppfylte.

Forsørgjartillegga (ektefelleltillegg og barne-tillegg) blir avkorta frå 1. mai 1991 mot arbeids-inntekt og pensjonsinntekt.

Frå 1. januar 1991 er det innført ei ordning med arbeidsgjevarfinansiering av ein vesentleg del av trygdeutgiftene som skriv seg frå yrkes-skadar og yrkessjukdommar (gjennom obliga-torisk yrkesskadeforsikring). Det vart samtidig innført ei ordning med refusjon av utgifter frå folketrygda ved trafikkskade gjennom ansvars-forsikringa.

Det er gjort framegg til ei ny lov om sosiale tenester m.m. i staden for edruskapslova av 1932, sosialomsorgslova av 1964 og lov om fyl-keskommunalt ansvar for alkoholistinstitusjo-nane av 1984.

På bakgrunn av den auka mengda av sosial-hjelpsmottakarar og auka sosialutgifter dei sei-

nare åra, er det i 1990–91 sett i gang eit utviklingsprogram for sosialkontortenesa.

Den 5-årige handlingsplanen for utbygging av døgnbehandlingstiltak for stoffmisbrukarar er no inne i sitt fjerde år. Det er hittil oppretta 285 nye behandlingsplassar i landet sett under eitt, og det polikliniske behandlingsapparatet er styrkt.

Det er teke initiativ til eit eige rusmiddelforskningsprogram innanfor Norges råd for anvendt samfunnsforskning (NORAS). Vidare er det arbeid med ein resultat- og kostnadseffektiviseringsanalyse av institusjonane for rusmiddelmissbrukarar.

Kommunane overtok ansvaret for tiltak og tenester for menneske med psykisk utviklingshemming frå 1. januar 1991. Etter framlegg frå Regjeringa har Stortinget vedteke å løyve nye 300 millionar kr til gjennomføring av ansvarsreforma. Løyvinga omfatta tilskott til planleggingsarbeidet i kommunane på dette feltet og til styrking av tilbodet til heimebuande psykisk utviklingshemma.

Røkke-utvalet har lagt fram ei innstilling med framlegg til praktisk brukelege retningslinjer for omgang med og behandling, trening, opplæring og observasjon av menneske med psykisk utviklingshemming.

Stortinget har løyvd 200 millionar kr til syssetjing innanfor omsorga for eldre og funksjonshemma.

Regjeringa har lagt fram ein proposisjon om skiping av eldreråd i kommunar og fylkeskommunar.

Handlingsplanen for funksjonshemma gjekk i 1991 inn i sitt andre år. Ei rekkje av tiltaka i handlingsplanen er no sette i verk, m.a. avlastingstiltak i kommunane.

Sosialdepartementet har sett i gang arbeid med å etablere sentralar for frivillige som eit bindeledd mellom dei som ønskjer å yte ein frivillig innsats, frivillige organisasjonar, grupper, offentlege omsorgstenester og dei som ønskjer å få utført oppgåvene.

I 1990 fekk om lag 640 000 pasientar behandling i somatiske sjukehus. Dette er ein viss auke i høve til året før.

Forskrifta om ventelisteregister og prioritering av pasientar tok til å gjelde 1. oktober 1990. Ved alle fylkeskommunale og statlege sjukehus blir no ventelistene registrerte på edb etter felles kriterium.

Frå 1991 er det innført ei ny finansieringsordning for regionsjukehusa, for m.a. å synleggjere politiske prioriteringar og sikre universitetsklinikk- og regionfunksjonar.

Frå 1991 blir det gjennomført eit forsøksprosjekt i fire sjukehus i Hordaland og Nordland med delvis stykkprisfinansiering (DRG-forsøket). Formålet er å oppnå større produktivitet og betre aktivitetsstyring i sjukehusa.

I september 1990 vart det levert ein rapport om leiing i sjukehus. Med bakgrunn i innstillinga har departementet sett i gang utvikling av leiaropplæringa i helsestellet.

I 1990 vart det utført 3 293 hjarteoperasjonar i Noreg. Det er 340 fleire enn i 1989.

Pr. 30. juni 1991 er det meldt om 1 030 HIV-positive personar. Av dei er 114 registrerte dei siste 12 månadene. Talet på AIDS-tilfelle var pr. same dato i alt 217, og av dei er 142 døde.

Regjeringa har sett i verk ein 5-årig handlingsplan for å stimulere psykisk helsevern og mental helse. Handlingsplanen tek sikte på å modernisere det psykiske helsevernet og få til ei betre samordning med kommunale tenester. Midlane til vidare- og etterutdanning er auka monaleg. I barne- og ungdomspsykiatrien skal det skipast regionsenter, og det er invitert til ei omfattande forsøksverksemd.

I arbeidet for å redusere krubbedød og spebarnsdødsfall blir det gjeve 3 millionar kr til forskning på dette feltet i 1991.

For å modernisere og effektivisere helsesektoren er det sett i gang eller ført vidare om lag 70 forsøksprosjekt og tiltak.

Sosialdepartementet har teke initiativ til eit program for standardisering av informasjonsutveksling i helsestellet.

Sosialdepartementet arbeider med å få prøvd ut ei ordning med «fast lege» basert på eit listesystem. Stortinget har vedteke ei lov om forsøk med listepasientsystem i kommunehelsetenesa som gjer det mogleg å prøve ut modellen i fire kommunar.

Frå 1. januar 1991 har helsestasjonane i kommunane fått høve til å skrive rekning til folketrygda for utgifter til kontrollundersøkingar under svangerskap og rettleiing i familieplanlegging som blir utført ved helsestasjonen.

Det er eit stort udekt behov for helsepersonell med spesiell kompetanse innanfor rehabilitering og habilitering. Utdanningskapasiteten for ergoterapeutar, fysioterapeutar, vernepleiarar og psykologar er prioritert.

Legedekninga er framleis vanskeleg. Legefordelingsutvalet er oppmoda om å avgrense godkjenninga av nye stillingar i 1991 til om lag 100, medan det i 1990 vart sagt ja til nærare 200 nye stillingar.

Sosialdepartementet har sett ned eit utval som skal vurdere finansieringsordningane for allmennlegar og fysioterapeutar i kommunehelsetenesa.

Det er lagt fram ei utgreiing om førebyggingsstrategiar, «Flere gode leveår for alle». Det er i gang om lag 200 prosjekt i kommunane under «Samlet plan for utviklingsprosjektar innan det sykdomsforebyggende og helsefremmende arbeid».

Stortinget har vedteke endringar i lov om helseteneste i kommunane og i lov om sosial om-

sorg slik at det er heimel for å ta eigenbetaling for heimesjukepleiarar, heimhjelp og korttidsopphald i institusjon. Sosialdepartementet har arbeidd ut forskrifter for eigenbetaling som tek omsyn til pensjonistar med låg inntekt og til storbrukarane.

Regjeringa oppnemnde 15. mars 1991 ei offentleg nemnd for bioteknologi. Nemnda er eit frittstående organ med 23 medlemmer.

I skoleåret 1990–91 var det om lag 472 000 elevar i grunnskolen. Dette er 10 000 færre enn året før. Det gjennomsnittlege elevtalet pr. klasse har gått litt ned på ungdomssteget (22,1). Undervisningstimetallet er auka med 3 timar pr. veke for småskolen.

Talet på søkjarar til vidaregåande skolar har gått ned med om lag 2 600. Samstundes er det oppretta om lag 4 000 fleire elevplassar med ekstraordinært statstilskott. For om lag 31 000 elevar i fylkeskommunale vidaregåande skolar dekkjer no staten alle kostnadene. Ved sida av at talet på elevar har auka, har det vore ei omlegging frå grunnkurs til fleire vidaregåande kurs spesielt innanfor yrkesfaga.

Talet på nye godkjende lærekontraktar er om lag det same som i første halvår 1990. I nokre fag, i hovudsak i anleggs-, bygg- og trefaga, er det ein mindre nedgang. For dei andre faga har talet på nye lærekontraktar samla sett gått opp.

Det er frå neste skoleår gjeve tilskott til sju nye private skolar.

Spesialundervisning på grunnskoleområdet har hatt ein auke også i skoleåret 1990–91. Over 9 000 personar har fått opplæring. HVPU-reformen har auka innsatsen. Stortinget har behandla meldingar om spesialundervisninga.

Den vanlege eksamensretta grunnskoleopplæringa for vaksne har gått ned. Fleire kommunar har etablert vaksenopplæringscenter.

Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter har i skoleåret 1990–91 hatt eit elevtal på om lag 2 200.

Dei 44 organisasjonane med allmenn rett til statstilskott hadde i 1990 rundt 775 000 deltakarar på kursa sine. Det vart våren 1991 lagt fram ein proposisjon om ny godkjenningsordning og nytt tilskottsystem for opplysningsorganisasjonane.

Nyskappingsarbeid og opplæring for vanskeleg stilte grupper er i vekst innanfor vaksenopplæringa.

Regjeringa har satsa sterkare på å gje opplæring i norsk og samfunnskunnskap til vaksne framandspråklege som har fått opphaldsløyve i landet. Flyktningar og personar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag får 500 timar opplæring, med høve til ei utviding til 750 timar. Pr. 15. mars 1991 var det om lag 9 300 deltakarar i undervisninga. Dette er færre enn

året før. Evaluering av tilskottsordninga som vart teken i bruk frå 1991 viste at ho ikkje verka etter føresetnadene og vart derfor endra frå 1. august 1991. Utprøving av ei eiga grunnskoleutdanning for vaksne framandspråklege er gjennomført.

Dei godkjende private fjernundervisningsinstitusjonane hadde 140 000 kursdeltakarar i 1990.

Det er i 1991 81 folkehøgskolar i verksemd og tre folkehøgskoleliknande tiltak. Det er forsøk i gang for å vurdere kompetansen til elevane etter folkehøgskolen.

Stortinget har drøfta stortingsmelding om høgare utdanning og slutta seg til hovudprinsippet om samling av alle institusjonane i eit integrert system med større konsoliderte institusjonar, styrkte fagmiljø, auka samarbeid og klarare arbeidsdeling. Målet er både å styrkje kvaliteten på undervisning og forskning og betre ressursbruken. Forslaget til ny læreplan for 4-årig allmennlærerutdanning er sendt på høyring.

Frå 1991 er det etablert ein sentral database med registrering av alle søknader til grunnstudia ved universiteta og dei statlege høgskolane, og det er fastsett felles søknadsfrist.

Samla sett var det for haustsemesteret 84 000 søkjarar til om lag 36 000 studieplassar ved 117 lærestader. Det er oppretta 10 570 nye studieplassar i 1991. Med desse er det 137 570 studentar totalt i høgare utdanning. Talet for 1990 var 127 000. Ved private høgskolar er det i 1991 10 659 studieplassar. I tillegg kjem om lag 8 400 studentar i utlandet.

Det er i 1991 oppretta nytt studium i psykologi ved Universitetet i Tromsø.

Frå 1. mai 1991 vart renta på studielån sett ned med 1 pst. og stipendet til bortebuande elevar i vidaregåande skolar auka kraftig.

Universitet og høgskolar er også i 1991 tilførte midlar frå beredskapsløyvinga til ekstraordinært vedlikehald og auka framdrift av byggjetiltak. Det har òg vore ein sterk auke i bygging av studentbustader.

I 1991-budsjettet er forskarrekutteringa særskilt høgt prioritert. Forskinga blir også indirekte styrkt gjennom auka løyvingar til nye studieplassar og nye bygg i universitets- og høgskolesektoren.

For å betre samordninga innanfor forskingsystemet, og utnytta investeringane er Regjeringa i ferd med å gå gjennom organiseringa på forskingsrådsnivå og i instituttsektoren. Det er dessutan skipa seks regionale utgreiingsgrupper som skal gje råd om korleis ein kan samordne og forenkle det regionale forskingssystemet. Regjeringa har styrkt det internasjonale forskingssamarbeidet.

I kyrkja er det no meir enn 1 200 statlege prestestillingar og meir enn 80 statlege kate-

ketstillinger. I tillegg kjem andre preste- og kyrkjelege stillingar. Landet er delt inn i 620 tenestedistrikt, og det er om lag 1 300 sokneråd.

Overføring av oppgåver og ansvar til organ innanfor kyrkja er ført vidare i tråd med målsetjingane i det kyrkjelege reformarbeidet. Biskopane har nyleg fått ansvaret for å forvalte løyvingane til den geistlege tenesta.

Søkinga til dei teologiske fakulteta har vore god, og i dei fleste bispedømma har rekrutteringa til prestestillingane vore tilfredsstillande.

Salet av eigedomar under fondet til Opplysningsvesenet har helde fram.

Pr. 1. juli var det gjeve 426 nærradio- og 112 lokal-TV-konjesjonar.

Det er oppretta eit utval som m.a. skal sjå nærare på finansiering av dagspressa i Noreg.

Det er vedteke endringar i samelova, domstollova og grunnskolelova for å jamstille samisk med norsk språk og styrkje bruken av samisk i offentlege organ.

Lov om stadnamn av 20. mars 1990 tok til å gjelde 1. juli 1991.

Ny lov om pliktavlevering av allment tilgjengelege dokument vart sett i verk 1. juli 1990. Fram til 1. juli 1991 har Nasjonalbibliotekavdelinga i Rana motteke om lag 15 000 sendingar med pliktavlevert materiale.

Samla utlån i 1990 frå folke-, fylkes- og skolebiblioteka var 25,2 millionar band. Den samla bokmengda var 26,5 millionar band.

Det var i 1990 levert 4 582 hyllemeter arkiv-saker til det statlege arkivverket.

Statsarkivet på Hamar tok i bruk nye lokale i februar 1991.

I 1991 får 313 museum tilskott gjennom tilskottsordninga for halvoffentlege museum. Det årlege besøkstalet for alle musea i landet var ved siste registrering 6,5 millionar personar.

Nasjonalgalleriet vart i 1990 vitja av om lag 137 000 personar, Museet for samtidskunst av om lag 151 000 personar. Riksgalleriet er no ei eiga avdeling for ambulerande kunstformidling i Museet for samtidskunst. Riksgalleriavdelinga hadde åtte utstillingar på vandring i 1990 med eit besøk på om lag 47 000.

I 1991 er 509 kunstnarar med under garantiinntektsordninga. Det blir gjeve stipend til 723 kunstnarar, og i tillegg har tre livsvarig kunstnarlønn, fire har æresstipend og ein har æreslønn. Til saman kjem om lag 1 340 kunstnarar inn under ulike statlege stønadsordningar.

Fem symfoniorkester får statstilskott. I alt er det no 315 fast tilsette musikarar ved desse orkestra. I 1990 vart det halde 325 konsertar. Publikumsbesøket ved symfoniorkesterkonserterne var om lag 249 000. Rikskonsertane hadde ved sine konsertar eit besøkstal på rundt 900 000.

Dei teatra som får offentlege tilskott, hadde eit samla publikumsbesøk på om lag 1 320 000 på eigenproduserte framsyningar.

Investeringsmidlane over statsbudsjettet til lokale og regionale kulturbygg og biblioteklokale er i 1991 48,5 millionar kr.

Den delen av overskottet i Norsk Tipping A/S som gjekk til idrettsformål i 1991, var på 475,9 millionar kr. Det er 14 millionar kr meir enn i 1989. Av denne summen vart 271,9 millionar kr nytta til idrettsanlegg. 189,5 millionar kr gjekk til Norges Idrettsforbund og 14,5 millionar kr til andre idrettsformål. Av tilskottet til idrettsanlegg gjekk 195,6 millionar kr til anlegg for idrett og friluftsliv i kommunane.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet!

For første gang har Deres Majestet i dag åpnet Norges Storting som vårt lands nye konge. For første gang siden Norge gjenvant sin selvstendighet i 1905, har Kongen foretatt denne høytidelige handling med både dronning og kronprins ved sin side. For første gang står kronprins Haakon Magnus i nasjonalforsamlingens sal etter oppnådd myndighetsalder. Alt dette skjer for første gang.

Det gir dagens høytidelige åpning en særlig karakter – en annen dimensjon enn på lenge. Og mens bladene vendes, skrives et nytt kapittel i vårt lands historie – en minneverdig stund for kongehus og folk.

Stortinget møter Deres Majesteter med et inderlig ønske om at det gode forsyn må stå dere bi i den gjerning dere er kallet til. Vi hilser også vår kronprins med store forhåpninger og tillit og med alle gode ønsker for hans videre virke.

Frontalen bærer bud om de mange, store, viktige og vanskelige saker Stortinget vil få til behandling. Det vil være vår fremste fellesoppgave – hver på vår måte – å bidra til å bevare de livskvaliteter og det velferdssamfunn som møysommelig og i fellesskap er bygd opp i vårt land.

Innsatsen for arbeid til alle og bevaring av vårt naturmiljø vil stå sentralt, og disse oppgaver legger et tungt ansvar på folkets representanter.

I tiden som ligger foran oss, skal Norge finne sin plass i et internasjonalt miljø i rask og dyptgripende endring. Vi gleder oss alle over gjennombruddet for de demokratiske grunnverdier i stadig nye deler av verden. Demokratiet er en grunnleggende forutsetning for at et samarbeid for utvikling og velferd i disse land og på tvers av landegrensene kan føre frem. Også når det gjelder utformingen av et Europa i forandring

med fred, frihet og menneskerettigheter som de høyverdige mål, står vi overfor store nasjonale utfordringer.

Stortinget har vært, er og skal være folkestyrets fundament. Det skal være et særkjenne og en forpliktelse for de valgte representanter å ha direkte og nær kontakt med folk i alle deler av landet. Så innviklet som samfunnet etter hvert er blitt, er det nok en forutsetning for tilliten til vårt politiske system at avstanden mellom de politiske organer og det enkelte menneske ikke blir for stor. Også dette må være i vår bevissthet i det arbeid vi nå går til.

I mange av de saker Stortinget skal behandle, vil det være delte meninger blant representantene. Like fullt vet vi at hver enkelt alltid vil ha fedrelandets beste for øye. Den parlamentariske situasjon som den er i dag, stiller særlige krav både til den enkelte representant og til Stortinget som helhet. Da er det godt å vite at

det i vårt land tross alt er mer som samler enn det som skiller.

Idet vi går til vårt arbeid, og i håp om at Stortingets gjerning vil tjene land og folk, samles vi i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske.

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde funnet ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens trontale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for behandling i et senere møte – og anser det som bifalt.

Møtet hevet kl. 14.
